



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE (60 stp)

**Norske born i skulefritidsordninga sine tankar og
refleksjonar kring berekraftig mat**

Med og utan tiltaket Matjungelen

**Thoughts and reflections on sustainable food by
Norwegian children in after school care facilities**

With and without the Matjungel program

Sandra Olin Grytten Kjøsnes

Fysisk aktivitet og kosthald i eit skolemiljø

MFAKS514

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen

Ulrike Liisberg & Bodil Bjørndal

29. mai 2020

Forord

Å skrive masteroppgåve har vore ein lang, og til tider tung skriveprosess. Men samtidig, å undersøke og skrive om eit så viktig tema, har også vore spennande og givande. Prosessen har gitt meg erfaring som eg kjem til å ta med meg videre i livet. Etter ei 5 år lang utdanning, har eg sommarfuglar i magen, i det eg skriv mine siste ord.

Eg ønskjer å takke for at eg fekk ta del i Evalueringa av Matjungelen, og på den måten fant fram til min eigen lille studie. Takk til alle borna som deltok i undersøkinga, for å gjere denne masteroppgåva mogleg.

Spesielt ønskjer eg å takke mine to rettleiarar, Bodil Bjørndal og Ulrike Liisberg for gode, fortlaupande og konstruktive tilbakemeldingar. Eg har sett stor pris på dykker innsikt og støtte. Eg kan med handa på hjartet seie utan dykk, hadde eg ikkje nådd målet om ferdig resultat. Vidare ynskjer eg å takke kjæreste, familie og vener for all støtte, også når eg har vore langt nede! Dykk har gitt meg både latter og glede.

Studietida er over for denne gang, og no ynskjer eg ein heilt ny kvardag velkommen.

Sandra Olin Grytten Kjøsnes, Bergen, 2020

Samandrag

Bakgrunn og formål: Berekraftig utvikling vart for første gang lansert i 1987, og heilt sidan då har berekraftomgrepet vore utfordrande å konkretisere ned til handling. Berekraftig utvikling er på dagsordenen til barnhagar, skular og SFOar i dag. Dette er eit resultat av aukande merksemd om pedagogiske institusjonar si rolle i å fremje ei slik utvikling. Denne masterstudien fokusera på berekraftig mat, som er knyta til ulike miljøutfordringar. Temaet i denne studien er avgrensa til matsvinn, dyrking, avfallsortering, og respekt for naturen. Målet med studien er å finne ut kva SFO born formidlar kring berekraftig mat, og om tiltaket Matjungelen på SFO kan gi noko effekt på kunnskapsnivået til borna. På bakgrunn av dette, lyder forskingsspørsmålet: I kva grad kan born på SFO fortelje og reflektere kring berekraftig mat, og er det skilnad på born som har gjennomgått SFO-tiltaket Matjungelen eller ikkje?

Metode og utval: Masterstudien, har ein kvalitativ tilnærming. Det vart nytta semistrukturert fokusgruppeintervju, med innslag av kvantitativ tilnærming i forbinding med ein praktisk test. Datainnsamlinga vart utført i slutten av 2019 og utvalet bestod av totalt 6 SFO-ar med 29 born, med og utan tiltaket Matjungelen, i Hordaland fylkeskommune.

Resultat: Alle borna hadde lita evne til å definere omgrep, som til dømes berekraftig utvikling og kortreist mat. Til tross for dette, sat borna inne med kunnskap om dei fleste tema dei vart presentert for, med unntak av økologisk mat. Gode miljørelaterte haldningar var også eit fellestrekke, men samtidig, på tvers av bornegruppene, hadde dei ulike meininger om kjøt. Resultatet tyder på at Matjungelborna hadde meir kunnskap kring kortreist mat, dyrking og redyrking, og var til dømes meir oppteken av rettferdig fordeling av jorda sine ressursar. Når det gjaldt resirkulering av emballasje hadde Matjungelborna eit høgare kunnskapsnivå enn kontrollborna, med høvesvis 91%, og 56% rett på ein praktisk test.

Konklusjon: Resultata i denne studien tyder på at alle borna var opptekne av berekraftig mat, og kunne fortelje og reflektere kring fleire ulike dilemma. Samtidig hadde Matjungelborna meir kunnskap, fleire refleksjonar og større engasjement kring enkelte tema innan bærekraft. Dette kan tyde på at Matjungelen gjennom leik og aktivitet kan lære og engasjere born om mat som er berekraftig.

Stikkord: Berekraftig utvikling, berekraftig mat, matsvinn, dyrking, sortering, kortreist mat, økologisk mat, SFO born.

Abstract

Background and purpose: The concept of sustainable development was first introduced in the year of 1987, and ever since, the topic had gained increasing attention in the society. Children are often considered potential mediators of a sustainable development, and as a consequence, kindergartens, schools and after school daycare facilities are putting sustainable development on the agenda. However, converting the many aspects of sustainable development into practical use has proven to be challenging. The Matjungel programme is an initiative directed towards the after school daycare facilities, who has the overall purpose to increase childrens' knowledge about eating habits that are sustainable and in line with the health authorities' recommendations. The purpose of the study was to investigate how children in after school daycare facilities communicate and reflect on the topic food sustainability. Furthermore, this study investigates how the program Matjungelen may have impacted children's knowledge on the topic. **Methods and selection:** The master study has a qualitative approach, and semi-structured focus group interviews were performed. In addition, a practical test was completed in all children groups. The data collection was done in Hordaland municipality at the end of 2019 and consisted of 29 children from 6 separate after school day care facilities including both regular after school care facilities. **Results:** In general, all the children performed poorly in terms of defining concepts regarding sustainable development and local food. Despite this, the children had knowledge on most of the concepts introduced to them, with one exception; ecological food. A common feature in all interviews was a focus on the importance of environmental protection. However, all groups displayed mixed opinions on the topic of reducing meat intake. The results indicate that the children from after school daycare facilities with Matjungelen had a higher level of knowledge concerning the benefits of local foods, and on food cultivation and regrowing. The Matjungel-children also appeared more interested in fairness and sharing of the natural resources of the earth. Regarding recycling of different materials, the Matjungel children had a higher level of knowledge compared to the children in the control group, scoring 91 % versus 51 % correct on a practical test. **Conclusion:** The result of this study indicate that all the children were interested in sustainable food and were able to reflect on different topics. However, the children in Matjungelen exhibited the highest knowledge level, appeared more reflected and showed a greater level of engagement on certain topics. This may indicate that Matjungelen has the potential to teach and engage children on topics such as food, the wellbeing of the earth and food sustainability. **Key words:** sustainability, sustainable food, food waste, food cultivation, food sorting, organic food, after school care facilities.

Forord.....	ii
Samandrag.....	iii
Abstract.....	iv

Innhaldsliste

1.0 Introduksjon	8
1.1 Avklaring kring dei sentrale omgrepa i denne masteroppgåva	8
1.2 Fokuset på berekraftig utvikling	8
1.2.1 FN tar grep -FNs berekraftsmål	9
1.3. Miljømessig faktor ved berekraftig mat	11
1.3.1 Kortreist mat som klimavennleg mat.	12
1.3.2 Å ete økologisk mat kan bidra til å redusere berekraftige utfordringar	12
1.3. 3 Jordbruk og matproduksjon fører til utslepp av CO2	14
1.3.4 Redusert kjøtforbruk betyr klimakutt	15
1.3. 5 Dyreveldferd har noko å seie for forbrukaren	16
1.3.6 Konsekvens og hyppigkeit av matsvinn	17
1.6 Born og læring om berekraftig utvikling	18
1.6.1 Fokus på born som samfunnsborgarar	18
1.7 Skulefritidsordninga som arena	18
1.7.1 Matjungelen på SFO	20
2.0 Forskingsspørsmål	21
3.0 Metode	21
3. 1 Teoretisk bakgrunn for metode	21
3.2 Datamateriale frå Matjungelen	22
3.3. Utval i prosjektet	22
3.3.1 Rekruttering av informantar	22
3.4 Gjennomføring av fokusgruppeintervju	24
3.5. Analysering av data	25

3.5.1 Lydopptak og transkribering av data	25
3.5.2 Koding, kodegrupper og konseptutvikling av intervjuaterialet	25
3.6 Forskingsetiske vurderinger	27
4.0 Resultat	28
4.1. Kva borna fortel om omgrepene berekraftig utvikling	28
4.2 Borna sine tankar kring kortreist og langreist mat	29
4.2.1 Kva betyr orda kortreist og langreist mat?	29
4.2.2 Maten sitt opphav påverkar smak og preferansar	30
4.2.3 Betyr det noko kva mat ein vel å ete?	30
4.3. Betydinga av dyra og naturen	31
4.3.1 Borna fokuserer på å ta vare på naturen og at dyra skal ha det bra	31
4.3.2 Ete meir miljøvennleg.	33
4.4 Avfallsymbol	34
4.4. 2 Har borna oversikt over avfallssorteringssymbol?	34
4.4.3. Har borna kontroll på kor emballasjen skal kastast?	36
4.5. Redusering av matsvinn	38
4.5. 1. Borna er opptatt av kasting av mat	38
4.6 Kva borna veit om dyrking og redyrking	40
4.6.1 Vegen frå jord til bord	40
4.6. 2. Redyrking i vinduskarmen	42
4.7 Kjennskap til Ø-merket, det offisielle norske økologi merket.	44
4.7.1 Kva betyr merket?	44
4.8 Påverknad og langsiktig effekt av Matjungelen	45
5.0 Drøfting	46
5.1 Born om berekraftig utvikling	46
5.1.1 Omgrepsforståing kring berekraftig utvikling og mat	46
5.1.2 Kortreist og langreist	48
5.1.3 Dyrevelferd, kjøt og naturen	50

5.1.4 Viktigheita av å kjøpe økologisk mat	51
5.1.5 Dyrke eigne matvekstar	52
5.1.6 Tankar borna har kring kasting av mat	53
5.1.7 Avfall og gjenvinning	55
5.2 Danning av born sine vaner og haldningars omkring berekraft	56
5.2. 1 Born bør lære om berekraftig utvikling	56
5.2. 2. Om borna sine vaner og korleis dei vert påverka	57
5.2.3 Kva og kven påverkar matval og vanar	58
5.2.5 Matjungelen sin moglegheit til å påverke vanar og haldningars	59
5.3 SFO som arena for å fremje berekraftige matvanar	61
5.3.2 Matjungelen til alle?	61
5.5 Diskusjon av metode og kvalitetskontroll	62
5.5. 1 Reliabilitet og validitet	62
6.0 Konklusjon	64
6.1 Vidare arbeid	65
Kjeldeliste:	66
Vedlegg 1	75
Vedlegg 2	76
Vedlegg 3	79

Figur og tabeller

Tabell 1: Oversikt over fokusgruppeintervju.....	23
Tabell 2: Kunnskap om avfallsymbol.....	35
Tabell 3: Kunnskap sortering av emballasje på avfallsymbol.....	37
Figur 1: Tre dimensjoner berekraftig utvikling.....	10
Figur 2: FNs berekraftsmål.....	10
Figur 3: Krokete forma gulrot.....	24
Figur 4: Nvivo kodegruppering.....	27
Figur 5: seks avfallsymbol.....	34
Figur 6: Krokete mat.....	43
Figur 8: Dyrking.....	41
Figur 9: Redyrking.....	43
Figur 7: Norske økologimerket.....	44

1.0 Introduksjon

1.1 Avklaring kring dei sentrale omgrepa i denne masteroppgåva

Borna i dagens samfunn blir fortalt at verda kjem til å sjå veldig annleis ut om berre femti år. Menneskeskapt CO₂-utslepp er eit stort samtaleemne, og utsleppet har auka med 40% sidan den industrielle revolusjonen. Temperaturen kjem til å auke med 5 grader innan 2050-2100 om utsleppa forset, noko som vil få ringverknadar for natur, økonomi og menneske (IPCC, 2014 ref i Sinnes, 2017, s.13). Det er derfor eit stort behov for å utdanne born, til å leve gode berekraftige liv i framtida (Sinnes, 2017, s.13). Men for å leve eit berekraftig liv, må ein vite kva berekraftig utvikling betyr. Det er eit emne som er stort, omfattar mange ulike aspekt, og kan vere vanskeleg å definere. Under vert fleire omgrep som er brukt i denne masteroppgåva definert.

1.2 Fokuset på berekraftig utvikling

I dag er berekraftig utvikling eit vanleg omgrep. Ein snakkar om til dømes berekraftig jordbruk, berekraftig løysing, berekraftig reiseliv og berekraftig mat (Sinnes, 2017). Omgrepet vart introdusert for første gong i Brundtland-kommisjonen sin rapport ‘Vår felles framtid’ frå 1987. Denne rapporten inneheld ei av dei mest kjende definisjonane på berekraftig utvikling:

“Bærekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.”


(Brundtland, 1987)

Det vil seie ei utvikling, der behova til menneskjer vert tilfredsstilt, på ein slik måte at generasjonane etterpå, også får tilfredsstilt sine behov. Denne bodskapen er viktig å arbeide for, slik ein sikrar ei berekraftig utvikling (Sinnes, 2017). Ifølgje Kasin og Haugen har denne definisjonen fått ei brei tilslutning og allmenn aksept. Men trass dette er definisjonen omdiskutert, sidan det fins ulike forståingar kring omgrepet (2019, s.28). Til dømes kan ein undre seg over dei eigentlege behova til menneskjer. Maslows behovspyramide handlar om menneska sine grunnleggjande fysiologiske behov som å vere mett og frisk. Eller andre behov som tryggheit, kjærleik, tilhøyring, aksept og respekt. Dette er alt anna enn materielle behov. (Sinnes, 2017, s.26). I følgje FN legg Brundtland-definisjonen vekt på dei fattige sine behov, og på å skape moglegheit for eit betre liv, samt anerkjenning at naturen har ei tålegrense. Det vil seie at det finns ei begrensa mengd med ressursar i naturen(FN-sambandet, 2019)

FN fortel om tre aspekt angåande berekraftig utvikling. Sosiale, økonomiske og økologiske (2015). Berekraft handlar om alle desse aspekta, at dei påverkar kvarandre, og dei kan tolkast som grunnpilaren til berekraftig utvikling (FN, 2015). Dei tre dimensjonane må derfor vurderast når ein prøvar å finne løysingar kring berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2019). Samanhengen mellom desse aspekta vart beskriven under Rio-konferansen i 1992 (FN, 1992), og i dei to oppfølgingskonferansane i 2002 og 2012.

1.2.1 FN tar grep -FNs berekraftsmål

FN kallar desse tre aspekta for “kjernelement” (sjå figur 1). Det sosiale forholdet handlar om eit rettferdig grunnlag for eit berekraftig liv. Det økonomiske forholdet handlar om produksjon og fordeling av ressursar. Det økologisk forholdet handlar om å ta vare på nature, klimaet og å bruke fornybare ressursar. Det vil seie at produksjonen ivaretok naturen, men samtidig skal samfunnet sin produksjon oppretthaldast (FN-sambandet, 2019). Dei tre kjerneelementa har vore veldig tydeleg artikulert i FNs program for miljø og utvikling, og er ei utvida tolking til innhaldet i omgrepet berekraftig utvikling. Til dømes utvidar Unesco berekraftomgrepet endå meir ved å framheve kultur som ein nøkkelfaktor (Unesco, 2017).



Figur 1. Tre dimensjonar berekraftig utvikling består av. Henta frå: FN-sambandet, 2019.

Som ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringar innan 2030, vedtok FNs medlemsland, 17 berekraftsmål, i september 2015. Arbeidsplanen skal omfatte alle sider ved berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2019). Under ser du ein oversikt over alle måla (Sjå figur 2).



Figur 2: FNs 17 berekraftsmål. Henta frå: FN-sambandet, 2019.

Måla tar utgangspunkt i dei tre dimensjonane av berekraft som nemnd over: sosial, økonomisk og økologiske forhold. Noreg deltar i ansvaret for å oppnå dei 17 berekraftsmåla (Regjeringen, 2017a). Noreg var eit av dei første landa som gav statusrapport til FN om oppfølginga av desse berekraftsmåla (Departementet, U.Å). Å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster er berekraftsmål nr 12 (FN, 2019). Målet inneber at vi må fremje ein livsstil som sikrar at vi får meir ut av færre ressursar (FAO, 2019a). Noreg har iverksett ein nasjonal handlingsplan for eit betre kosthald som skal bidra til å nå berekraftsmåla og skape mindre sosial ulikskap i helse (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017), der utviklinga skal vere både helsefremjande og berekraftig. Det vert poengtert i handlingsplanen at *mat* er eit stort fokus, spesielt hos born og unge (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017).

1.3. Miljømessig faktor ved berekraftig mat

Maten menneskjer vel å ete, har betydning for helse og miljøet. Fordi maten vi et påverkar fleire enn forbrukaren, blant anna miljøet der maten blir dyrka, arbeidarane som produserer maten og potensielt samfunnet på produksjonsstaden. Om maten er produsert under forhold som er berekraftig eller ikkje bør mennesker tenkje over. Ifølgje Brundtland (1987) vil det seie “om produksjonsmetoden imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov” (Milford, 2011, s.144). Berekraftig mat handler om alle sider ved maten: sjølve maten, produksjon, distribusjon, tillaging og kasting

FAO meiner berekraftig mat er mat som er minst mogleg ressurskrevjande, kortreist og sesongbasert (FAO, 2010). Å tilfredsstille behovet for mat i framtida, må ein finne måtar å produsere og forbruke mat på, som mellom anna nyttar jordbruksareal meir effektivt og begrensar matsvinn (FAO, 2019a). European Commission (2017) meiner vi må gå ut i frå dei same aspekta som ved berekraftig utvikling. Den sosiale (sunn, trygg, billig og nok mat), den økonomiske (sterk matindustri, med trygg arbeidsplass) og økologiske (ta vare på miljøet, hensyn til mangold, vatn og jordkvalitet). Dei støttar også sal av kortreist mat, som dei meinat bidreg til å støtte opp om økonomien på landsbygda og bidra til eit større mangfald, samt god dyrevelferd. (European Commission, 2017)

Denne masterstudien er begrensa til å fokusere på nokre deler ved berekraftig mat, som kortreist mat, økologisk mat, matsvinn og respekt for dyr og natur. Dette vert presentert under.

1.3.1 Kortreist mat som klimavennleg mat.

Matsystemet i verda har ulike klimautfordringar som svolt og transport. Ifølgje Christie (2007), betyr langreist mat, mat som reiser med langtransport, som igjen fører til auka utslepp av klimagassar. Miljøfordelen ved kortreist mat er som navnet antydar, mindre transportbelastning. Christie hevdar at «Økologisk og kortreist mat er klimavennlig mat» (Christie, 2007 s.237), fordi transport og CO₂-utslepp vert redusert. Langholm og Heggen (2019) er enig, og hevdar kortreist mat er eit betre alternativ for miljøet. Å frakte agurk som består av 96% vatn, er lite gunstig å frakte frå eit anna land. Samt å handle etter sesong er miljøvennleg mat (Langholm og Heggen, 2019, s.195).

Christie hevdar forholda vert lagt til rette for langtransport, ved lav oljepris og WTO-avtalar (Verdens handelsorganisasjon) som er uheldige for miljø og klima. Når matkonsern med makt byggjer infrastruktur for billeg langreist mat, kan ein ifølgje Christie ikkje forlange at den enkelte forbrukar skal gjere ekstraordinære anstrengingar for å velje lokalt eller økologisk mat. Christie fortel vidare at verken myndigheter, industri eller varehandel kan skyve ansvaret for ein berekraftig utvikling over på den enkelte forbrukar: «Det blir å privatisere ansvaret og la samfunnet og makthavere gå fri» (Christie, 2007, s.237).

Ifølgje Langholm og Heggen (2019, s.203), er det mange vegar til eit berekraftig forbruk, til dømes å kjøpe mat som gir mindre CO₂ utslepp. Ein kan vurdere produksjonen ved å sjå på prosessane som inngår i produksjonen, det kan vere mellom anna ressursbruk, klimautslepp og miljøøydelegging.

1.3.2 Å ete økologisk mat kan bidra til å redusere berekraftige utfordringar

Når ein kjøper mat er det ei utfordring å vite kva som er berekraftig. På grunn av dette er det etablert fleire sertifiseringsselskap som skal hjelpe forbrukaren å velje berekraftige varer (Milford, 2011). Debio er det organet som sertifiserer økologisk mat i Norge og gir løyve til å bruke det beskytta Ø-merket. Dei stiller ein rekke krav til økologisk mat, som arealkrav til inne og uteområder for dyr, minimal bruk av tilsetningsstoff i foredling, energisparande teknologi, liten transport av råvarer, samt eigne reglar for oppdrettsfisk (Mattilsynet, 2016).

Økologisk mat skal vere eit produkt til forbrukarane som ynskjer eit miljøvenleg og sunnare supplement til det konvensjonelle tilbodet. Ifølgje Milford (2011) handlar økologisk mat om forbetrิงa av miljøet, mindre forureining, redusert klimautslepp, auka helsegevinst og redusert risiko for å bli utsett for giftstoff, samt auka dyrevelferd (Milford, 2011, s.146). Økologisk produksjon brukar til dømes ikkje kunstgjødsel (Debio, U.Å). Om jordbruket sluttar med kunstgjødsel vil energirekneskapen i jordbruket blir drastisk forbetra (Christie, 2007 s.237). Kunstgjødsel er eit kjemisk hjelpemiddel for å auke avlingane på store landområder, og bruken byrja på midten av 1900-talet. Milford fortel jorda at vart svekka i følgje mange bønder, mens andre peika på forureining av vatn (Milford, 2011, s.145). Kunstgjødsel er òg ein ikkje-fornybar ressurs og dermed ikkje berekraftig på sikt. Økologisk produksjon har til skilnad eit fokus på bruk av fornybare ressursar og auka biologisk mangfald (Christie, 2007, s.237).

Regjeringa støttar opp under utviklinga av økologisk jordbruk, og aukar stadig pengetilskotet til økologisk produksjon og landbruk (Kunnskapsdepartementet, 2018C). I tråd med dette har det norske landbruket som målsetning at 15% av produksjon og forbruk av mat i Noreg, skal vere økologisk innan år 2020 (Landbruksdepartementet, 2009).

Økologisk mat inneber produksjonsmetodar etter økologiske prinsipp og set eit mindre fotavtrykk på miljøet (Landbruksdepartementet, 2018). Eit spørsmål er om økologisk mat har eit sunnare næringsinnhold og dermed er av interesse for forbrukaren som ynskjer å ta vare på eiga helse. Det er utført for få undersøkingar som samanliknar næringsinnhaldet i økologisk produksjon med konvensjonell produksjon. Ifølgje artikkelen til Holmboe-Ottesen (2004), fortel nokre studiar som er gjort på menneskjer, at økologisk kosthald førar til større innhald av antioksidantar i urin. Samtidig er det ingen gode kontrollerte forsøk på menneskjer som direkte syner helseeffekt. Ved forsøk på dyr, er ikkje resultata eintydige. Resultata syner enten ingen skilnad, eller i favør økologisk mat (Holmboe-Ottesen, 2004). Til trass for dette konkluderer Holmboe-Ottesen at mat produsert etter berekraftige prinsipp gir betre helse (Holmboe-Ottesen, 2004), fordi om ein vel økologisk, vel ein å ete sunnare mat som er produsert på ein berekraftig måte.

Det handlar ikkje berre om menneskjer, men om ein omtanke for alt som finns på jorda. Schifferstein og Oude Ophuis (1998) fann i sin studie ut at helse er det dominerande motivet for kjøp av økologisk mat og forminga av haldninga til økologisk mat. Magnusson et. al. (2003) argumenterer med at helse har sterkare effekt på haldning og kjøpsintensjon for økologisk mat, enn det miljømessige motivet har. Samtidig argumenterer Iversen og Rundmo (2002) for at folk som bryr seg om eiga helse vanlegvis er meir opptatt av miljø.

1.3. 3 Jordbruk og matproduksjon fører til utslepp av CO₂

Ursin hevdar (2015, s.26) ein bør drive landbruk, der landskap, jordsmonn og klima gjer berekraftig landbruksproduksjon mogleg. FNs klimapanel er einig, og påpeiker at alle land må bruke sine eigne ressursar til matproduksjon (Nordmann og Aanesland, 2007, ref i Ursin, 2015,s. 27). Moglegheitene for matproduksjon variera frå land til land, alle må lage nok mat med dei ressursane som er tildelt. Noreg er eit langstrakt land, med kaldt klima, skiftande ver, og kald vekstsesong, som kan vere dårlig for plantemat. Berre 3% av landarealet i Noreg er jordbruksareal og 50% av maten vi et er importert, rekna på kaloribasis. Derfor meiner Christie at ein bør produsere meir mat i Noreg, og at vi bør auke og ikkje redusere jordbrukproduksjonen (Christie, 2007, s. 237).

Global matproduksjon har auka kraftig det siste halve århundre, samtidig som befolkninga på jorda har dobla i vekst. Likevel lid mange menneskjer av ulike former for underernæring over heile verda, og nye globale utfordringar oppstår. Til dømes auka forbruk, høgre etterspurnad etter bearbeida kjøt, meieri- og fiskeprodukt, og matprodusentar opplev større konkurranse frå andre land. Auksjonat matproduksjon kan gi bekymringar kring bevaring av ressursane, og ein er bekymra over om matproduksjonen gir alvorlege konsekvensar for miljøet. I følgje Godfray er det derfor viktig å finne globale berekraftige løysingar (Godfray m. fleir, 2010). Ulikskap i levekår kan skape konflikt, og er dermed ein trussel for berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2016).

Mange menneskjer er opptatt av å hindre at klimagassane aukar, og det er derfor eit stadig aukande behov for informasjon om produksjonsmetodar. Utslepp av klimagassar gir negative konsekvensar for miljøet og er hovudårsaka til klimaendringar (Milford, 2007, s.146). Det er lite snakk om utslepp frå landbruk, men i Noreg kjem 9% av totalt klimagassutslepp frå landbruk, der 1% er frå CO₂, 46% metan og 46% lystgass (Serikstad, 2007, ref i Milford, 2011, s.146). Metan kjem frå drøvtyggande dyr, som kyr og sau, og lystgass kjem frå husdyrgjødsel. Metan har 20 gonger større global oppvarmingseffekt, og lystgass 300 ganger større enn C0₂. I tillegg fører jordbruk til avskoging, overbeiting og forringing av jordsmonn, noko som igjen aukar utslepp av C0₂. På verdsbasis utgjer matvareproduksjon ca 10-12% av klimagassutsleppa (Milford, 2007 s.146). Men jordbruket er i stadig utvikling, og Landbruks- og matdepartementet (LMD) skal følgje opp FNs berekraftsmål nr 2: Utrydding av svolt, oppnå matsikkerheit, betre ernæring og fremje berekraftig landbruk (Landbruksdepartementet, U.Å.). Regjeringa og organisasjonane i jordbruket, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, underteikna i 2019 ein intensjonsavtale om å arbeide for reduksjon av klimagassutslepp. Avtalen mellom jordbruket og regjeringa vart einige om å redusere 5 millionar tonn med CO₂-ekvivalenter for perioden 2021-2030 (Kunnskapsdepartementet, 2019 C)

1.3.4 Redusert kjøtforbruk betyr klimakutt

Å ete kjøt er verdsatt høgt i den vestlege verda, samtidig som det finns negative kjensler kring eting av kjøt, i følgje Holm (Holm, 2017). Kjøt har over tid vore knytt til sosial status, der dei fattige i førre århundre hadde ete ost, kunne bønder og adelsmenn ete kjøt. Det har også vore omdiskutert kor mykje kjøt menneskjer burde ete, og kjøt har vore framheva som veldig god kjelde til protein sidan midten av 1800-talet. Men i dei siste tiåra, der overvekt og fedme aukar i befolkninga, er magert kjøt fremheva som det mest helsefremjande valet (Holm, 2017). Talet på vegetarianarar i vestleg kultur har auka noko dei siste tiåra, og nokre syns det er ubehageleg å tenkje på at ein tar liv av eit dyr for å ete kjøt. Det er utførte fleire undersøkingar i Noreg, der forbrukarane har vore kritiske til kjøt (Richardson et al, 1993).

Ifølgje Holm har kjøt ein tvetydig status. Nokre kuttar ned på kjøttforbruket eller vert vegetarianar, andre etterspør kjøt frå dyr som har hatt gunstige levevilkår. Andre føretrekke å ikkje tenkje på kor kjøtet kjem frå og er derfor glad kjøtet kan verte kjøpt i ulike innpakningar (Holm, 2017, s. 172). I debatten om klimaforandringar står også kjøtt i fokus. Å produsere 1kg storfekjøtt gir same utslepp som å produsere ca. 10 kg korn i gjennomsnitt, i følgje Korsnes (2014), samtidig er det stor usikkerheit når det gjeld slike utrekningar. Korsnes viser til at fattige samfunn er ein flinkare å utnytte heile dyret, på grunn av mindre tilgang og pengar (Korsnes, 2014, s.127).

All kjøtproduksjon er veldig belastande for miljøet (Korsen, 2014, s.131), til dømes ved utslepp av drivhusgassar, forureining av vatn og bruken av store uteareal til fôr. Korsen fortel også at ein rekke forsking viser at rødt kjøtt innehold mykje metta fett, som igjen aukar risikoen for kreft og ulike hjarte og karsjukdommar (Korsen, 2014, s.131), og dei norske anbefalingane for inntak av rødt kjøtt, er maks 500 gram (700-750 gram råvekt) tilberedt per person.

1.3. 5 Dyrevelferd har noko å seie for forbrukaren

Dyrevelferd betyr å ta hensyn til dyr si naturlege atferd, helse og trivsel (Milford, 2011, s.148). Det er eit stadig aukande krav til dyrevelferd i norsk landbruk (Landbruksdepartementet, 2004), og i økologisk landbruk er det enda strengare krav til dyrevelferd. Der er det eit generelt prinsipp at god trivsel vil gi naturleg hindring av sjukdom og auka produksjon. Dyrevelferd er ein motivasjon når forbrukarar skal velje matvarer, ifølgje Holm, samtidig er kjøt høgt verdsatt Noreg (Holm, 2017). Dyrevelferd i Noreg er ofte årsaka til førekomst av vegetar og veganer-kosthald, ifølgje Milford (Milford, 2011, s.148).

1.3.6 Konsekvens og hyppigheit av matsvinn

FAO estimera (FAO (2019U) at om lag 1/3 av maten på verdsbasis aldri vert eten eller kasta, og i dag er dette ein større offentleg bekymring enn tidlegare. Regjeringa har bestemt at innan 2030, skal matsvinnet reduserast med 50%, på bakgrunn av FNs berekraftsmål nr 12 (Regjeringa, 2017F). For å klare dette, må ein bevisstgjere alle ledd i matvarekjeda kring dette problemet, frå matindustri, grossist, daglegvarehandel og fram til forbrukaren (Regjeringa, 2017F).

Nøkkeltal frå sluttrapporten til ForMat-prosjektet, som dekker årsperioden 2010-2015, syner at klimagassutslepp ved matsvinn i Noreg tilsvara 978 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Det vert kasta mat i alle ledd i matkjeden. Ei gjennomsnittshushaldning kastar 42,1 kg mat per år (2016), og det tilsvara at kvar 8 handepose i snitt hamnar i bosset (Matvett, 2016). Om ein hindrar matsvinn, hindrar ein derfor reduksjon av klima og miljøavtrykk (FAO, 2017P).

Ei anna undersøking som fokuserer på årsakene til matsvinn i hushaldningane, gjennomført av Statens institutt for forbruksforskning (Sifo) på oppdrag frå Barne- og likestillingsdepartementet (Hebrok & Heidenstrøm, 2017), fortel at kvardagslivet til eit menneske er komplekst, noko som gjer det vanskeleg å peike på enkeltårsaker. Det er likevel fem aspekt som har utpeika seg; hushaldningane er usikre på produktet sin tryggheit og kvalitet. Sjølv om dei brukar sansane, vert dei usikker på eiga evne til å evaluere om maten likevel er god. Maten vert påbegynt, men hushaldninga finn inga anledning til å ete den på ny. Råd om planlegging er viktig for å unngå matsvinn, og forbrukarane i denne undersøkinga såg på å unngå matsvinn, som eit ideal. Studien syner også at forbrukarane hadde lav merksemelding kring kasting av mat, og at maten sin verdi spelar ei rolle, sidan dyr mat sjeldnare vart kasta enn billig mat (Hebrok & Heidenstrøm, 2017). Men sortering handlar også om emballasje og gjenvinning. Sortering av avfall vert i dag sett på som ein viktig ressurs å utnytte, som er gunstig for miljøet. I dag er det om å gjere å utnytte ressursane ved gjenbruk, og at avfallet ikkje vert forsøpling men resirkulert (Sortere.no, U.å).

Langholm & Heggen fortel at alle menneskjer i Noreg har moglegheit til å redusere forbruket, og på den måten redusere matsvinn. Mykje av matsvinn omhandlar matvarer som er utgått på dato (Langholm og Heggen, 2019, s.203). Det er viktig med gode rutinar, men samtidig er det økonomisk og økologisk fornuftig å kjøpe mat som er utgått på dato i butikken.

1.6 Born og læring om berekraftig utvikling

1.6.1 Fokus på born som samfunnsborgarar

Born er samfunnsborgarar. Om ein ser på born som ein særeigen samfunnsgruppe, bør ein også sjå på born som sjølvstendig individ som har same rettigheter som vaksne, samt spesielle rettigheter som born (Kasin, 2019, s.82). Kjørholt (2010) hevdar om ein gir born status som kompetent aktør kan dei bidra aktivt til samfunnet. Studiar viser at born er medvitne om sine rettigheter i sin kvardagssituasjon (Kjørholt, 2010). Målet kan derfor verte å lære born å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Ein må anerkjenne kapasiteten borna har til å påverke sine eigne liv, og delta i større samfunnsmessige samanhengar.

Berekraftig utvikling er eit tema som gir gode moglegheiter for tverrfagleg arbeid i skulen. I den fagfornyinga som trer i kraft haust 2020, er berekraftig utvikling eit tverrfagleg tema, som legg til rette for å gå grundig inn i ulike dilemma i samfunnet. Det er viktig å lære, slik at borna vert miljøbevisste og forstår betydninga av handlingane sine, noko som aukar sjansen for berekraftige samfunnsborgarar (Kunnskapsløftet, 2020). Borna skal lære om dei tre dimensjonane av berekraft som heng saman, sosiale, miljømessige og økonomiske forhold. Berekraft omtalast i den generell delen av læreplanverket, samt spesifikt i mange fag. Til dømes i faget mat og helse vert matproduksjon og matforbruk vektlagt (Kunnskapsløftet, 2020)

1.7 Skulefritidsordninga som arena

Formålet med skulefritidsordninga (SFO) er å gi eit tilbod om omsorg og aktivitet før og etter skuletid. Føringane for SFO i dag er nedfelt i opplæringslova (1998). § 13-7 fortel:

«Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn» (Opplæringslova, 1998).

Dette kan tolkast som at SFO er organisert fritid, men organisert fritid kan tolkast ulikt. Sentrale og kommunale styringsdokument vektlegg at SFO i større grad enn skulen skal vere eit rom born kan leike uforstyrra. Balansen mellom organisert, vaksenstyrt aktivitet og fri leik når det gjeld innhaldet i SFO, og kva SFO skal vere, er omdiskutert (Utdanningsdirektoratet, 2019). St. Meld. 6 (2019-2020) rapporterer at det er store kvalitetsforskellar mellom SFO-ar. Tilbodet varierar i stor grad, på bakgrunn av det som nemnast. Det er til dømes ikkje eit krav

at dei tilsette skal ha pedagogisk bakgrunn og praksisen varierer mykje i frå kommune til kommune. Nokre kommunar har klare pedagogiske planar med godt innhald, men mange SFOar har for dårleg innhald, som spesielt går utover born som treng særskilt tilrettelegging (Kunnskapsdepartementet, 2019). Kor vide rammer for leik SFO har, vert avgjort av dei tilsette (Utdanningsdirektoratet, 2020). St. meld. 6 (Kunnskapsdepartementet, 2020E) rapporterer at SFO skal gi god ramme for allsidig utvikling, noko som sannsynlegvis ikkje blir oppretthaldt med for vide rammer for leik. Namnet skulefritidsordning, kan også forvirre. Omgrepet fritid betyr å ha fritid frå «noko», der «noko» kan oppfattast som forpliktande (Kunnskapsdepartementet, 2019E). For at SFO ikkje berre skal vere ein opphaldsstad for borna, men ein stad for utvikling og meistring, er det avgjerande med eit godt tilbod (Kunnskapsdepartementet, 2020E).

Det er kommunen som bestemmer kor mykje av utgiftene SFO har, som skal dekkast gjennom foreldra. Prisen kan derfor variere stort (Utdanningsdirektoratet, 2015), og det kan tenkast at born frå familiar med lav sosioøkonomisk status er representert i lågare grad.

Mat og måltidene kan vere viktige miljø på SFO, som skapar betydning for helse og læring. Derfor bør tilboden på SFO, vere i tråd med helsedirektoratets retningslinjer for skolemåltidet. Den første landsdekkande kartlegginga av mat og måltid i SFO var i 2013, gjennomført av Staib, Bjelland og Lien (Helsedirektoratet, 2013B). Her kartla dei mat og måltidstilboden, rammene og kjennskapet til retningslinjene blant SFO leiarar. Fossgard, Holthe og Wergedahl (Helsedirektoratet, 2013A) gjennomførte ein kvalitativ studie av mat og måltid i fire SFOar. Resultata viste at mat og måltid var lite prioritert i skulen sine planar og kjøkkenfasilitetane var lite hensiktsmessig, der personalet hadde inga formell kompetanse.

Ifølge St.meld 6 (Kunnskapsdepartementet, 2019E) skal SFO vere eit tilbod som flest mogleg kan vere med på, uavhengig av sosial bakgrunn. Og på den måten bidra til inkludering og utjamning av sosiale skilnadar. Det er ein viktig sosial arena som utviklar vennskap, og gjev rom for leik og aktivitetar.

1.7.1 Matjungelen på SFO

Denne studien tar for seg eit frivilleg tiltak retta mot SFO, kalla Matjungelen. Det starta med ein Pilot i Bergensområdet, deretter moglegheit for alle SFO i Hordaland til å melde seg på. No er Matjungelen eit tilbod til alle SFOar i Noreg. Tiltaket er meint for at borna skal lære om mat som er helsefremjande og gunstig for miljøet, berekraft er spesielt i fokus. Det føregår gjennom ulike aktivitetar, som omfattar blant anna månedlige aktivitetsopplegg og aktivitetshefter. Dei tilsette på SFO får opplæring og pedagogisk materiell til utføringa av aktivitetane. Det finst òg kompetansehevingstiltak via e-læringsmodular (Matjungelen, 2019).

Innhaldet i Matjungelen er kunnskapsbasert og i tråd med Helsedirektoratets kostråd og Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skule og SFO (Matjungelen, 2019). Desse retningslinjene gir skular og SFO gode anbefalingar kring gjennomføring av måltid, den ernæringsmessige kvaliteten som serverast, matryggheit, hygiene og miljøhensyn (Helsedirektoratet, 2015P).

I Hordaland i 2019 var det femtiatte skular som meldte seg på Matjungelen. Eit av måla med Matjungelen er at borna skal få auka kunnskap om og engasjement for mat og miljø, og bli formidlarar av gode matvanar.

Matjungelen tar for seg til dømes tre modular som kan relaterast til berekraft. Den første modulen er berekraftige matval. Her skal borna lære om gode matval for helsa og korleis ein legg til rette for eit godt kosthald i oppveksten, samt korleis matval påverkar miljøet og kroppen. Den andre modulen er mat frå hav og jord til bord. Her skal borna lære om systemet frå produksjon, foredling, transport, pakking, distribuering, eting og avfall. Den tredje modulen er matsvinn. Der skal borna lære om avfall og kasting av mat. Dei skal lære kva miljøproblem med matsvinn er og kva SFO kan bidra med (Matjungelen, 2019).

2.0 Forskingsspørsmål

Denne masterstudien er avgrensa til ulike tema innan matkonsum og berekraftig mat som matsvinn, sortering av avfall, dyrking og respekt for naturen. Berekraftig mat er eit brent tema, og det kan vere vanskeleg å ha oversikt over alle ulike aspekt. Fokuset og vektlegginga i denne masterstudien er born og berekraftig mat. For å få endringar i kosthaldet, er det nødvendig å begynne tidleg, og på tvers av alle pedagogiske institusjonar. Derfor er det interessant å forske på SFO.

I kva grad kan born på SFO fortelje og reflektere kring berekraftig mat, og er det skilnad på born som har gjennomgått SFO-tiltaket Matjungelen eller ikkje?

Formålet med oppgåva er å få fram ulike synspunkt og kva kunnskap borna formidlar kring berekraftig mat. Det er også interessant å samanlikne kva Matjungel SFO borna (MS) og Kontroll SFO borna (KS) kan fortelje, og vurdere kor stor innverknad Matjungelen har hatt på borna sitt kunnskapsnivå. Studien kan også gi eit forskingsbidrag kring arbeidet med evaluering av Matjungelen.

3.0 Metode

3. 1 Teoretisk bakgrunn for metode

Det finns ulike metodeval for å finne svar på og etterprøve i kva grad ein påstand er sann, gyldig eller haldbar (Dalland, 2018, s.51). Kvalitativ forsking er nytta i denne studien. Å få fram kjensler, tankar og refleksjonar, er kvalitativ metode ofte bruk (Dalen, 2011). Sidan føremålet i denne studien var å få fram borna sine tankar og refleksjonar rundt berekraftig mat var kvalitativ metode eit naturleg val. Kvalitativ metode, er god når opplevelingar og meininger står i sentrum av forskingsspørsmålet. Tilnærminga har større fleksibilitet i forskinga, fordi ein kan gå vidare med informasjon som dukkar opp undervegs. Intervjuobjektet kan komme med relevant informasjon som forskaren ikkje har tenkt på, samt stille oppfølgingspørsmål. Larsen fortel om ein ynskjer å gå i djupna på emner, og få heilsakeleg forståing av emne, er kvalitativ metode god (2012, s.22). Det var utført semistrukturerte intervju med born, der ein open dialog var å føretrekke, slik at borna fekk mogelegheit til å kom innpå tema sjølve (Kvale og Brinkmann, 2017). Metoden i denne masteroppgåva har også eit mindre innslag av kvantitativ tilnærming. Som gir data, som er målbare, til dømes tal. Ein kan til dømes finne gjennomsnitt av noko (Dalland, 2018. s 52).

3.2 Datamateriale frå Matjungelen

Våren 2019 gjennomførte HVL ei evaluering av effekten av Matjungelen på SFO. Ei kvalitativ datainnsamling vart utført av to forskrarar og to masterstudentar ved Høgskulen på Vestlandet. Eg var ein av masterstudentane, og var med på den kvalitative datainnsamlinga, transkriberinga og diskusjonen av resultata. Av totalt 58 SFOar som har implementert Matjungelen i Hordaland, vart fire SFOar intervjua. Evalueringa av Matjungel brukte semistrukturerte fokusgruppeintervju som metode, med både born og tilsette. Borna og dei tilsette vart intervjua kvar for seg, der alderen på borna varierte frå seks til ni år. Samtalane varte frå tjuefem til førti minutt. Som utgangspunkt i samtalane vart det vist fram bileter av kjende Matjungelaktivitetar, der erfaring og gjennomføring av aktivitetane stod i fokus.

Desse intervjua var med på å evaluere effekten av tiltaket Matjungelen. Blant anna om Matjungelen har skapt auka bevisstheit hos born rundt mat og berekraft, og om Matjungelen bidreg til at born vart formidlarar av gode matvanar. Data frå evalueringa var tilgjengeleg for denne masteroppgåva, og dette vart gjennomgått i fyrste omgang. Det var desverre manglande detaljert informasjon om mitt tema. Evalueringa av Matjungelen hadde for lite material rundt berekraftig mat, og stort fokus på andre områder ved Matjungelen, til dømes som nemnd før, gjennomføring av Matjungelaktivitetar, noko som ikkje var direkte hensiktsmessig for denne studien. Derfor til tross for at det allereie var gjennomført intervju, valte eg å gjennomføre nye fokusgruppe intervju med same Matjungel SFOar, for å kunne gå i djupna på forskingsspørsmålet.

3.3. Utval i prosjektet

3.3.1 Rekruttering av informantar

Datainnsamling i denne masterstudien foregjekk i tidsrommet oktober til byrjinga av desember 2019. Intervjua vart utført av masterstudent. Dei ulike SFOane vert forkorta med bokstavane MS, som betyr Matjungel SFO og KS som betyr Kontroll SFO. Dei fire MS som var med i hovudevalueringa, vart kontakta på ny.

Det vart sendt ein kort e-post, der eg gjenopptok kontakt frå Evaluatingsprosjektet av Matjungelen, for ei ny runde med intervju til mitt masterprosjekt. Rektor og avdelingsleiar ved åtte KS vart også informert om prosjektet på e-post (vedlegg 1). Alle seks SFOane som var deltagande i dette prosjektet, bekrefta først via telefon oppringning. SFOane fekk deretter tilsendt informasjonsskriv og samtykkeskjema (sjå vedlegg 2). Informasjonen beskrev formålet til prosjektet, ønskje om informantar, varigheit og frivillig deltaking. SFO-leiar leverte skrivet til omsorgspersonar. Det vart samla inn trettifire samtykkeskjema. Til saman vart tjuei born rekruttert. Det skulle ha vore seks born per SFO, men grunna sjukdom og mangel på underskrivne samtykkeskjema vart det færre born i intervjuet, tre til seks born var til stades under kvart intervju. Tabell under (sjå tabell 1) syner utvalet mitt ved MS og KS, kor mange intervju som vart utført, antall born og kjønn. Inklusjonskriteriane som stod til grunn for val av SFO var at SFOane skulle vere blanding av bygd og by. Alle borna skulle gå i tredje eller fjerde klasse, der kjønn ikkje var relevant. Borna ved MS skulle ha delteke i ein eller fleire Matjungelaktivitar

Tabell 1: Oversikt over dei forskjellege fokusgruppeintervjuet, med antall, klassetrinn og kjønn, i forbinding med dette masterprosjektet.

	Matjungelen SFO = 15 stk			Kontroll SFO = 14 stk		
	SFO 1	SFO 2	SFO 3	SFO 1	SFO 2	SFO 3
Antall fokusgruppeintervju	1 stk	1 stk	1 stk	1 stk	1 stk	1 stk
Antall born per	6 stk	6 stk	3 stk	6 stk	5 stk	3 stk
Klassetrinn	3 trinn	3 og 4 trinn	3 trinn	3 trinn	3 trinn	3 og 4 trinn
Antall gutter	3	4	1	3	1	1
Antall jenter	3	2	2	3	4	2

3.4 Gjennomføring av fokusgruppeintervju

Som vist i tabell 1, var det gjennomført seks semistrukturerde intervju i denne masterstudien. Tre SFOar med Matjunglen og tre SFOar utan Matjungelen vart inkludert i denne studien. Intervjua fann stad i SFO sine lokalar eller kontor. Fokusgruppeintervju føregjekk i grupper med fleire informantar, på det meste seks stykk. Intervjua var semistrukturerde, som betyr at ein tar i bruk intervjuguide (sjå vedlegg 3) som utgangspunkt for samtaleemne, men rekkefølgja var ikkje viktig. Intervjuguiden vart delt inn i tre kategoriar: sortering, matsvinn og dyrking, med berekraftig utvikling om eit overordna tema. Det vart skriven ned spesifikke spørsmål, under kvart tema, til hjelp for intervjuauren. Det vart lagt opp til diskusjon mellom informantane, og for å få fram ein open dialog, vart det brukt bileter på ark, og gjenstandar som plastikk emballasje som stimulusmateriale. Meininga med stimulusmaterialet vart å vise informantane material av visuell og fysisk art, for å stimulere til diskusjon omkring relevante emner. Til dømes vart det vist fram eit bilet av ei gulrot som hadde ein krokete form. For å sette i gang samtale kring mat som ser annleis ut (Fig. 3).



***Figur 3:** Bilete av krokete forma gulrot, som vart vist til borna som stimulusmateriale.*

Til dømes vart omgrep som kortreist og langreist mat snakka om, der borna først skulle fortelje om dei visste kva orda betydde. Deretter vart orda forklart, og på nytt skulle borna reflektere. For å sikre reliabilitet i studien må intervjuauren forsikre seg om ein har forstått riktig. Derfor vart det ofte spurta om intervjuar oppfatta rett, og intervjuauren forklarte spørsmål for borna, som var vanskelege.

Denne kvalitative forskinga, har innslag av kvantitativ tilnærming, i forbindning med sortering. Borna vart testa på to øvelsar. Først kunnskap rundt ulike avfallsymbol, og deretter sortering av emballasje på rett avfallsymbol. Ulik emballasje vart tatt fram frå ein sekk, ein etter ein. Eg som intervjuar, spurte alle borna kor emballasjen skulle sorterast. Borna hadde avfallsymbola framfor seg på ark. Det borna svarte, vart nedskriven i ein tabell (sjå tabell 3). Dette var utført for å tydeligare samanlikne dei to utvala mine, MS og KS.

3.5. Analysering av data

3.5.1 Lydopptak og transkribering av data

For å få med alle detaljar i intervjuet, vart det brukt lydopptak. Opptaka vart overført frå mobiltelefon til PC direkte etter endt intervju, og sletta. Lydopptaka på PC vart transkribert kort tid innspelinga. I denne masterstudien vart lydinnspelinga transkribert ordrett og markert dersom ein lengre tenkepause oppstod, dialektord vart skriven ned.

3.5.2 Koding, kodegrupper og konseptutvikling av intervjunaterialet

I denne undersøkinga vart dei seks fokusgruppeintervjua analysert etter Aksel Tjora (2017) sin stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI). SDI består av ulike steg: empiriske data, bearbeiding av rådata, koding med empirinære koder, grupperte koder, utvikling av konsept, og teoriutvikling (Tjora, 2017, s. 19).

Første steget som vart utøvd i denne studien, var å generere empiriske data, som vil seie rekruttering av eit utval informantar og å utføre intervju. Deretter vart empirien bearbeida frå transkribert rådata til det som vart kalla behandla data/analyse data. Etter dette, vart intervjumaterialet lest fleire gonger for å få eit godt overblikk. På denne måten vart det danna eit fyrsteinntrykk over innhaldet, kva som vart sagt og fortalt. Deretter byrja analysearbeidet med koding, som er ein induktiv måte å jobbe på, der intervjudataen vart bearbeida til koder og det vart utvikla kodesett. Kodesetta vaks for kvart enkelt intervju som vart gjennomgått. Poenget med koding er å oppdage essensen og redusere datamengda (Tjora, 2019, s.197). Kodinga vart gjennomført ved hjelp av analyseprogramvara Nvivo (Nvivo qualitative data analysis software). Kodane skulle fange opp innhaldet i sitata hos informantane og ulike mønster i transkripsjonane. Ord frå datamateriale vart brukt til kodar, det kunne vere meiningsa hos informanten eller ord som var ein del av ei setning informanten sa. Det vart altså utført ein type koding som tok vare på deltaljane i det spesifikke intervjuutdraget. Heile kodesettet var basert på sitata i intervjeta, og vart på den måten empirinær. Det vart utført deduktive trinnvise tilbakekoblingar, noko som er spesielt med SDI. Deduktive testar vart utført for kvart trinn, som kvalitetssikrar framdrifta av analysen. I denne masterstudien vart kodane testa om dei var empirinære, ved å alltid gå tilbake for å sjå om koden verkeleg gjenspeglar det informanten fortalte. Det at ein kode er presis gjengjeven, som betyr at koden er empirinær. Om det ikkje vart tilfelle, måtte ein lage ny kode (Tjora, 2017, s.203). Når denne empirinære kodeprosessen var ferdig, byrja ein på neste steg i analysen, som var kodegruppering. Her arbeida eg berre med dei empirinære kodane, det vil sei eg trykka ikkje inn på koden for å sjå alt som stod, men brukte berre den empirinære koden for å slå saman og gruppere. I dette steget vart kodane som hadde same tematisk innhald samla i større grad, og no vart kodane flytta rundt på slik at kodinga tok utgangspunkt i intervjuguiden. Dette bidrog til å få oversikt og fange opp fellestrekks på tvers av alle intervjeta, i tillegg fekk kodematerialet ein betre struktur. Kodegruppene vart gjennomgått fleire gonger og delt inn i nye grupper. Til dømes vart mindre relevante koder sortert ut, og ulike koder med same tema, samla med underkategoriar. Kodene vart omgjort til kva informanten snakkar om, og ikkje like spesifikt innhaldet i kva informanten seier. Til dømes vart alle born som fortalte om avfallsymbol under same kode, dermed fekk ein til slutt eit kodestrukturert empiri (Fig. 4.) Kodegruppene som vart oppretta skilte seg frå kvarandre basert på tema. Det er kodegruppene som dannar utgangspunkt for tema i analysen (Tjora, 2017, s.207).



Figur 4: Kodegruppering med underkategorier i Nvivo. Figuren viser korleis ei kodegruppe har fått underkategoriar i tråd med intervjuguiden.

I denne studien vart det gjengjeve sitat frå informantane for å vise dømer og utdjupe kategoriane. Informantane vart skilt ved bruk av ulike kodar som angir SFO og informant. «M1-G7» står til dømes for MS nummer ein, gut nummer sju, og «K2-J11» står for KS nummer to, jente nummer elleve.

3.6 Forskingsetiske vurderingar

Det er forventa at forskaren utøver og er bevisst rundt ulike etiske utfordringar som forskingsarbeid medfører. Til dømes etiske forpliktingar rundt planlegging og formidling av ferdig resultat i forskinga. Ikkje minst handlar forskingsetikk om å ivareta personvern, slik informantane ikkje får unødvendig belastning. Det er essensielt å ivareta informatane sin anonymitet (Dalland, 2018). SFO, omsorgspersonane og informantane i dette prosjektet er anonymisert, og vart informert om dette i forkant av intervjsituasjonane. Underskriven samtykkjeskjema, bekreftar informantane sin anonymitet og taushetsplikt, før gjennomføring av intervjuia. Informasjon om lydopptak vart gitt både ved samtykkeskjema og før intervjuet starta. Lydopptak kan gi sensitiv informasjon fordi det fangar opp nyansar i språk og stemmeleie. Intervjupersonane vart fortalt korleis samtalen vart tatt vare på, og at lydopptak berre vart hørt av meg som forskar, og sletta etter masterprosjektet vert ferdig.

Prosjektet vart ein del av Evaluering av Matjungelen og vart meldt inn til personvernombodet (NSD, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste) i forbindning med evalueringa.

Forskningsprosjektet vart godkjent av personvernombudet NSD med prosjektnummer 339028. Dei særskilte etiske retningslinjene, som syner forholdet kring forskar og informantar vart fulgt (NESH, 2016).

Det vart utført nye besøk ved same MS og nye SFOar til kontroll for å presiserer tema. Det vil sei, studien har innhenta nytt datamateriale, og brukta ressursar frå evaluering i form av informasjonsskriv og samtykkeskjema.

4.0 Resultat

Resultata i denne masteroppgåva baserer seg på kvalitative gruppeintervju med 29 SFO-born, tredje og fjerde trinn. Etter Nvivo analyse var resultata inndelt i ulike kategoriar. Sitat frå informantane var brukta for å gje dømer og utdjupe kategoriane. «M1-G7» står for Matjungel SFO nummer ein, gut nummer sju, og «K2-J11» står for kontroll SFO nummer to, jente nummer elleve. SFOane vert gjengjeve med forkortingane MS (Matjungel SFO) og KS (Kontroll SFO).

4.1. Kva borna fortel om omgrepet berekraftig utvikling

Borna var spurt kva dei kunne om ordet berekraftig utvikling, for å undersøke kor mange av borna som kjente til omgrepet. Dei fleste borna visste ikkje kva ordet betydde:

«Jeg har hørt ordet før, men vetsje ka det betyr» (M2-G7).

Det var kun tre av 29 born som fortalte kva ordet kunne bety. To born frå MS fortalte:

«Er det ikke litt sånn om forurensing? At vi ikke skal forurense så mye, for det tror eg kanskje at vi gjør. Ja, tror det handler om at vi må slutte med det» (M2-G1).

«Ehhh, det handler om at jorda skal være fin, eller skal se fin ut» (M1-J6).

Berre eit born ved KS-1 kunne gi informasjon kring omgrepet. KS-1 bornet uttrykte:

«Jeg har hørt ordet og jeg tror jeg vet litt hva det betyr. Altså bærekraft, altså man skal, bærekraft er på en måte å hjelpe naturen. Så er det utvikling, utvikling tror jeg er at for eksempel jeg er liten, også verter jeg stor» (K1-J3).

Omgrepet berekraftig utvikling var forklart for borna etterpå, då kom det fram fleire born som kjente til innhaldet, men ikkje knytta det opp mot omgrepet. Berekraftig utvikling var eit ord mange meinte var vanskeleg å forstå, både for MS og KS.

4.2 Borna sine tankar kring kortreist og langreist mat

4.2.1 Kva betyr orda kortreist og langreist mat?

Når det gjaldt å forklare orda kortreist og langreist mat, var svara hos alle SFOane forholdsvis like. Fleirtalet visste ikkje kva orda betydde, men tre born frå MS kunne fortelje litt om temaet. Eit born frå MS-3 svare at:

«Kortreist mat er sånn som vi spiser hjemme, vi spiser mest hjortekjøtt eller saupekjøtt, siden vi bor rett ved siden av en bonde, pluss vi bor rett ved siden av en skog så pappa bare kan løpe inn i og jakte. Her er skogen og her er meg (syner avstand med fingrane på bordet)» (M3B-G13).

Det var berre eit born frå KS som hadde kjennskap til betydninga av orda:

«Ja, langreist mat er fra Afrika, for eksempel bananer til Noreg, altså de plukker de grønne, så verter de gule etterhvert på veien. Og kortreist mat det er for eksempel fra Tyskland» (K1-J3).

4.2.2 Maten sitt opphav påverkar smak og preferansar

For å få samtalens i gang, gav eg klarheit i betydninga av kortreist og langreist mat, noko som fekk i gang fleire refleksjonar hos bornegruppene. Mange av borna frå MS var opptatt av at smakane kunne vere annleis frå ulike land. Noko mat var betre å ete frå Noreg, og annan mat var betre frå utlandet. Fleire påstod at norsk mat smakte best, og den norske maten hadde høgre kvalitet. Andre påverkingsfaktorar var òg nemnd. Mat som nettopp var plukka, hadde betre smak enn langreist mat som var plukka for lenge sidan, påstod nokre MS born. Til dømes var sjølvplukka mat, opplevd som positivt. Spesielt MS borna fortalte at dei likte å ete kortreist mat, fordi ein kunne gå rett ut i skogen og plukke eller ete hjort frå skogen, eller fisk frå sjøen

I likheit med alle MS borna, var også KS-2 og -3 opptatt av smaken. Det var einigheit om det positive i at butikkane hadde same mat frå ulike land og dermed kunne tilby fleire valmoglegheiter, for å tilfredsstille ulike smakspreferansar. Eit born frå KS-2 fortalte:

«Eg tenker det er bra å ete begge deler, fordi maten kan smake annerledes alt etter kor den kommer fra» (KB -G9).

Dessutan påstod fleire av KS informantane at frukt kunne vere saftigare i varmare strøk. Til tross for dette var det fleire som var uenige på KS-1, og det eine bornet på KS-3 fortalte:

«Egentlig så er bare grønnsaker, eller mat det samme, det er ikke noe forskjellig smak på det, det er helt det samme. Når eg gikk rundt i Afrika og skulle smake på en frukt som de også hadde i Noreg, smakte det helt det samme» (K3-J12).

4.2.3 Betyr det noko kva mat ein vel å ete?

Alle MS borna hadde ei klar formeining om at kortreist mat var betre enn langreist. Å ete kortreist mat når ein kunne, var knytt til mindre CO₂-utslepp sidankortreist mat bidreg med mindre utslepp av CO₂ enn langreist mat i samband med transport.

«Du forurenser mindre naturen, med å spise maten som er fra Noreg, og ikke mat fra Afrika som må ta fly for å komme helt hit» (M2A-10).

«Det er viktig å tenke på kor maten kommer fra, fordi du tenker på miljøet samtidig, fordi om du spiser kortreist mat, slipper man så mye utslipp fra bil åsånn» (M2-J10)

Dei fleste borna frå KS var også einige i dette. Eit anna argument for kortreist mat, som MS born tok opp var at Noreg hadde strengare reglar med tanke på matproduksjon. KS borna var meir opptatt av at Noreg hadde betre hygiene enn andre land, og meinte derfor det er tryggare å ete norsk mat.

Særleg eit par born på MS-2 og eit born på KS-3 var opptatt av at Noreg tar maten frå dei fattige i Afrika, som svelt frå før. Det er urettferdig at Noreg har overflod og dermed enkelt kan kaste mat, mens fleire millionar menneskjer har for lite mat.

Oppsummert kunne både MS og KS diskutere miljøperspektiv på kortreist og langreist mat på en bra måte. Alle MS var einige om at kortreist mat var betre for jordkloda med tanke på utslepp av CO₂, mens halvparten av KS borna argumenterte for dette. MS kom kjapt inn på betydninga av kortreist mat, til dømes kring ein berekraftig produksjon.

4.3. Betydinga av dyra og naturen

4.3.1 Borna fokuserer på å ta vare på naturen og at dyra skal ha det bra

Borna hadde stort fokus på naturen og dyra. Dette var tema borna tok opp sjølv, til dømes undervegs i samtaleemna sortering av avfall og kasting av mat. Generelt var både MS-born og KS-born opptatt av at naturen skulle sjå fin ut. Tankegangen som låg til grunn var at borna likte å vere ute i naturen. I Noreg har ein friskt vatn og rein luft, og mange fortalte engasjert at bosset i naturen øydelegg for naturopplevinga. Borna på alle SFOane nemnde skadeomfanget hos dyr når plastikk forureina naturen, og presiserte viktigeita av å ta vare på jordkloda. Eit born frå KS-3 fortel:

«Det er derfor hun der Greta Thunberg går rundt plasser og forteller at vi må ta vare på jordkloden vår og eg har, eg syns, vi kan fortsatt bruke plast, så lenge vi ikke kaster det i havet og naturen. Men sånn som appelsinskall eller bananskall kan vi kaste i jorden, eller mest i skogen, fordi da verter det til jord.» K3-J12

Å ta vare på naturressursane på ein berekraftig måte, var fleire opptekne av. Dømer på dette var å ikkje hogge ned for mykje tre, bruk av elbil i staden for eksosbil, men helst sykle og gå så mykje som mogleg. Ulike miljøgifter som skada naturen vert teken opp og mange born konkluderte med at all forureining påverka alt liv negativt. Global oppvarming, som menneskeskapte klimaendringar, var eit stort samtaleemne ved MS-2 og KS-3. Eit par born i desse bornegruppene hadde kunnskap om at CO₂ vert verande i atmosfæren og påverkar klimaet.

Alle borna hadde tilsynelatande mykje omsorg for dyra. Dei uttrykte ønskje om at dyra burde leve eit godt og verdig liv. Mange hugsar og fortalte om kvalen som var funnen på Sotra med 30 plastposar i magen i 2017.

«Jeg husker den hvalen som var full av plast. Den ble full av plast fordi de kastet i havet og naturen.» M3-J13.

Dette var opplevd som trist. Det gjekk igjen at menneska sin forsøpling i naturen skada dyra og miljøet rundt. Å rydde opp etter seg var eit tiltak for at dyr ikkje skulle døy, samt at ein slapp å rydde naturen for boss. Å ta vare på ulike økosystem var eit tema som også gjekk igjen. Mange av borna på MS nemde dømer på fleire økosystem, men kun eit born ved MS-3 brukte sjølve omgrepene økosystem. Desse borna presiserte kvifor det var viktig å passe på dei ulike plantane som veks i naturen, og gav døme på ulike ringverknadar. Fleire born konkluderte med at jordkloda var øydelagt til slutt, og krisemaksimerte med ord som døden. Eit MJ born fortalte:

«Om vi tar vare på jorden, for då verter ikkje dyrene døde, også trenger ikkje folk å bare gå rydde i naturen etter boss, også må de rydde og sånn også for naturen verter ødelagt, også kan jorden verte ødelagt, sånn at alle dør.» M1-G5.

4.3.2 Ete meir miljøvennleg.

Miljøvennleg mat var eit viktig samtaleemne og borna var generelt opptatt av mat. Når det gjaldt MS borna var det delte meiningar omkring betydninga av kjøt. Mange på MS nemnde at dei skulle verte vegetarianarar. Borna begrunna det med å vere glad i dyr, at foreldre likte å ete vegetarisk, eller at å konsumere mindre kjøt var bra for kroppen. Vegetarmat ein dag i veka, eller nokre gonger i månaden var populært. Men MS borna klarte ikkje å grunngje kvifor det er bra for miljøet å ikkje ete kjøtt. Nokre var usamd i påstandane, og ei motsetning lyder:

«Eg syns det ikkje er bra fordi viss du ikkje spiser kjøtt, ka skal du liksom ha då? nesten all mat, viss ikkje må du jo spise grønnsaker og potet og ris og sånn, då kan du ikkje spise pinnekjøtt og kylling, så det er faktisk litt lurt å spise kjøtt, viss ikkje kan du ikkje spise middag». M3- J14.

Til tross for at nokre born var usamde i å ete mindre kjøtt, var mange MS born opptekne av at grønnsaker var sunnast for kroppen og mykje billigare å kjøpe.

«For eksempel tror eg det er betre å spise grønnsaker enn kjøtt. Kjøtt ekje så veldig sunt, det er litt fett i og» M3-J1.

Å ete meir fisk hadde vore snakka om på SFO gjennom Matjungelen, fortalte nokre av borna. Borna var klar over at ein burde ete meir fisk, fordi fisk var viktig og sunt for helsa.

Det fans ein skilnad mellom bornegruppene på MS og KS. Fleire MS-born enn KS-born var opptekne av å ete mindre kjøt og fokuserte på at grønnsaker var viktig. Mange KS born svare ikkje, og fortalte det var likegyldig kva ein valde å ete. Samtidig var nokre born både ved MS og KS einige om at kroppen treng kjøt, men klarte ikkje å spesifisere kvifor.

4.4 Avfallsymbol

4.4. 2 Har borna oversikt over avfallssorteringssymbol?

I samtalene med borna var det vist seks bileter av vanleg avfall som alle menneskjer kan sortere heime. Avfallssorteringssymbola er synleg på all emballasje, derfor var det interessant å undersøke om borna kunne symbola. Symbola var lagt fram på ark, som vist i figur 5. Bileta var vist utan undertekst.



Matavfall



**Papp, papir
og drikke-
kartong**



Restavfall



**Plast-
emballasje**



**Glass-
og metall-
emballasje**

Figur 5: Seks avfallsymbol som borna var vist fram på ark i intervjuet. Foto: Matjungelen si nettside.

Tabell 2: Tabellen viser kor mange av borna som kunne dei ulike avfallsymbola, og total utrekning av born sin kunnskap rundt avfallsymbol mellom Matjungel SFO (MS) og kontroll SFO (KS). Resultatet er også gitt i prosent.

	Matjungel SFO			Kontroll SFO		
SFO nr.	1	2	3	1	2	3
Antall born per SFO	6	6	3	6	5	3
Tal på rette svar						
Matavfall	5	5	2	2	3	3
Papp og papir	5	6	3	3	3	2
Pant	6	6	3	2	3	2
Restavfall	4	5	3	3	3	2
Plastemballasje	6	6	3	4	3	2
Glass og metall	6	6	2	2	3	2
Totalt rette svar						
Totalsum	32 av 36	34 av 36	16 av 18	16 av 36	18 av 30	13 av 18
Rett svar, i prosent	88%	94%	88%	44%	60%	72%
Totalt rett svar, i prosent	91 %			56%		

Tabellen syner at 91 prosent av MS-borna hadde god kontroll på avfallsymbola og kunne fortelje om betydninga (sjå tabell 2). Veldig mange av MS borna var ivrig, og vifta med henda fordi dei ikkje klarte å vente på sin tur. Fleire MS born kom inn på temaet gjenvinning, og sa det var gjenvinning som var heile poenget med sortering, der resirkulering av særleg plastikk og papir var viktig. Til dømes var borna veldig opptatt av at ein får pengar når ein pantar flasker. Avfallsorteringsstafetten var gøy å gjennomføre med Matjungelen, påpeika fleire MJ-born.

Det kom tydeleg fram variasjonen i kunnskap om avfallsymbola ved KS. Som tabell 2 syner, kunne 56 % av borna plassere rett emballasje i rett avfallsymbol. Samtidig kunne nokre fortelje at dei berre hadde sett merka før, men ikkje visste kva noko betydde. Eit born nemnde at plast ikkje kunne resirkulerast. Samtidig hadde mange born MS god kontroll på avfallsymbola, derav var det stor variasjon i kunnskapen.

Til slutt fekk borna utdelt arket med same avfallsymbol med tekstfasit (sjå figur 5.).

4.4.3. Har borna kontroll på kor emballasjen skal kastast?

Det er mindre nyttig å vite avfallsymbola, om ein ikkje veit kva material emballasjen er laga av. For å undersøke dette, var det vist fram forskjellige typar emballasjeavfall og deretter skulle borna fortelje intervjuaren kvar emballasjen skulle sorterast. Borna hadde avfallsymbol med tekst framfor seg (Sjå figur 5).

Tabell 3: Venstre kolonne er avfall emballasje som var vist fram til borna. Tabellen syner om borna sorterte riktig eller feil til høgre i kolonne.

	Matjungel SFO (n = 15)		Kontroll SFO (n = 14)	
	Plassert rett	Plassert feil	Plassert rett	Plassert feil
Panteflaske	13	2	10	4
Mjølkekartong	15	0	14	0
Maisboks	13	2	11	3
Sylteglas	15	0	12	2
Makrell i tomatboks	15	0	14	0
kaviartube	12	3	9	5
Bananskal	11	4	8	6
Tortillapose	12	3	10	4
Aluminiumsfolie	8	7	9	5
Cottage cheeseboks	10	5	5	9
Totalt riktige		Totalt riktige		
Sum	124 av 150 = 82,6% riktig		103 av 140 = 73,5 % riktig.	

Mange av borna hadde god kontroll på kvar emballasje skulle sorterast. Alle borna hadde rett på mjølkekartong og makrell i tomat boks (sjå tabell 3). MS hadde også alt rett ved sylteglas. Tabellen over syner MS borna hadde større andel rette i sju ulike objekt, med varierande grad. Medan KS var betre på å sortere aluminiumsfolie (Sjå tabell 3). Usikkerheit rundt avfall oppstod, sidan borna var usikker på kva materiale dei ulike emballasjane var laga av. Til dømes hadde mange vanskar med om cottage cheeseboksen var produsert av plast eller metall. Usikkerheit rundt symbola var tilsynelatande ikkje til stades, sidan borna hadde fått utdelt fasit og kunne lese.

4.5. Redusering av matsvinn

4.5. 1. Borna er opptatt av kasting av mat

Gjennom samtalane kom det fram at MS-borna hadde fått undervisning om matsvinn på SFO, og MS borna var tydeleg oppteken av matsvinn. MS-borna hadde fleire tiltak for reduksjon av matkasting, til dømes skulle ein unngå å lage for mykje mat, ikkje kjøpe meir enn ein treng, be folk på besøk eller gje vekk til vene om ein hadde for mykje. Det var vist fram ein brun banan ved samtalane. Her mente nesten alle (MS og KS) born det var betre å lage noko av bananen, i staden for å kaste den. Dei ynskte å lage smoothie, bananispinne, bananvaffel eller bananpannekake. Frukta er betre og sötare når skalet var brunt, konstaterte fleire.

«...Så hver gang jeg ser en banan som er brun så spiser jeg den, og det som er brunt er ganske sott.» K3-J12

Fleire negative verknadar ved kasting av mat var nemnd ved MS. Til dømes var det etisk gale at mange born lever i svolt. Det var for stor ressurssløsing når ein kasta maten, og økonomisk gale fordi ein brukar pengar på mat som ikkje verter eten.

Kring kasting av varer som er utgått på dato, tyder resultata på ueinigheit på tvers av bornegruppene. Mange MS-born gav uttrykk for at utgått på dato-varer var brukt til middagslaging og var fullt eteleg. Flest born ved KS syns det var greitt å kaste varer utgått på dato, og nokre MS-born var einig i dette. Hos nokre, både ved MS og KS, var det ingen val i heimen når det gjaldt datovarer:

«fordi de tror maten ikkje er spiselig når det er gått ut på dato, men han kan faktisk vere spiselig når den er gått ut på dato, fordi så lenge han smaker godt, så lenge han lukter godt, også lenge alt er helt fint med han så trenger vi ikkje kaste maten som er gått ut å dato, da kan vi fortsatt spise den. Så driver mamma også sier sånn: den er gått ut på dato, den er gått ut på dato, men må vi kaste det og det. Da sier eg faktisk nei, det er spiselig, så lenger det smaker godt. Det har eg lært på SFO.» M3-J14

I intervjuet var det vist fram ark med biletet av gulrot, agurk og potet. Først skulle borna fortelje om dei hadde ete maten på bileta (sjå figur 6). Det var kun eit fåtall av borna ved MS og KS som hadde sett krokete mat før:

«eg ville ha spist det, for det er bare når de vokser så verter de sånn, og eg har sett at siden eg har en onkel som har bondegård så har vi masse greier, også har eg også sett på youtube at det er folk som finner forskjellige når dei skal ta opp grønnsakene fra jorden eller alt det, så ser de ganske annerledes ut». K3-J12



Figur 6: Gulrot, agurk og potet som var vist til borna, som ikkje vert seld i butikk grunna krokete form. Foto: google.

Etter diskusjon kom det fram at halvparten av MS-borna, og 1/3 av KS-borna hadde ete krokete mat. Når borna fekk vite at krokete mat smaka likt og var normalt, forandra fleirtalet av borna meining. Borna sa seg einige i det var dumt å kaste eteleg mat, til tross for spesiell form.

«Nei, for da kaster man alt for mye mat, og det verter mindre mat til andre, det gjør jo ingenting, viss det er bare andre former og smaker det samme, er jo berre mat».

M1-J3

Unntaket var to MS-born og fire KS-born, desse borna hadde ikkje ete krokete mat. Borna hadde inga anna grunn enn at maten var uappetittleg.

Resultatet indikerer at KS-born hadde ei meir positiv haldning til kasting av mat enn MS-born, der datovarer, gratis mat og restemat var greitt å kaste. Dei fleste MS-borna var usamd i dette. MS born hadde mange gode dømer på korleis unngå å kaste mat, og tok opp at det er urettferdig ovanfor dei fattige menneska å kaste krokete mat. MS borna presiserte at ein kan bevise korleis maten er trygg ved å bruke syn, lukt og smakt for å sjekke om maten var god. Noko som er interessant er at alle bornegruppene, fortalte at dei generelt ikkje kasta så mykje mat.

4.6 Kva borna veit om dyrking og redyrking

4.6.1 Vegen frå jord til bord

Borna ved alle MS viste mykje entusiasme og engasjement då dei var spurt om dyrking. Borna fortalte ivrig at å dyrke var noko alle hadde gjennomført som ein Matjungelaktivitet (Fig. 3.3). Og borna snakka om kvarandre sine plantar.

«Ja, vi har jo plantet flere ganger på SFO, og det har vi tatt med oss hjem. Vi plantet paprika og agurk. Paprikaen er der no, men agurken har vi allerede smakt på...» M3-J14

Dei fleste syns det var stas å få plantene til å vekse og fortalte at det som var viktig for å lukkast med planten var vatn, tid, sol og varme. Dei fortalte at det var spennande å ete det ein har avla fram sjølv, og nokre hevda maten var sunnare, utan å klare å grunngje kvifor. Borna nemnde også begeistring og meistringskjensle av å smake på eigen mat, samt skuffelse når det ikkje vaks fram mat på planta. Fleire MS-born fortalte at etter SFO aktiviteten byrja dei å dyrke heime. Fleire dyrka i vindaugskarmen, eller laga kjøkkenhagar. Dette leia til samtale om kvifor det var bra å dyrke. Mange svare økonomi, og borna hevdar ein sparte mykje pengar.



Figur 7. Bileter av dyrking på MS-2. Foto:
Sandra Olin Grytten Kjøsnes.

I motsetning til MS, var det ikkje like stor entusiasme rundt dyrking ved KS . Ingen hadde dyrka på SFO, men ein tredjedel av borna hadde dyrka noko heime:

«at jeg har dyrket gulrot, masse epletrær, plommetrær, kirsebærtrær og så videre i hagen min, så jeg dyrker veldig mye» K1-J3

Borna i KS var i likhet med MS opptatt av å spare pengar. Og borna ved KS-1 fortalte at smaken var betre når ein dyrka sjølv:

«De grønnsakene, fruktene eller bær eller noe sånt, de som vokser inni hagen de er skikkelig gode og da trenger man ikke betale for det til og med» (K1-J1)

Mange av borna ved MS og KS fortalte om dyrking i Noreg, og at i Noreg kan ein dyrke mykje frukt og grønsaker. Samtidig fortalte nokre born at vi ikkje treng dyrke i Noreg, sidan vi berre kan importere frå andre land.

4. 6. 2. Redyrking i vinduskarmen

Alle ved MS hadde redyrka gjennom Matjungelen. Til tross for dette, kunne dei fleste ikkje svare på kva redyrking betydde. Mange var usikker i byrjinga, men når eit born kunne fortelje kva redyrking var, kom flesteparten på det. Dei fortalte at redyrking var nesten det same som dyrking, men i staden for å bruke jord og frø, kunne ein sette rota av grønsakene som var brukt i ei skål med vatn, og grønsakene grodde ut igjen.

«Det som er bra med å redyrke er at man behøver ikke kjøpe ny, og da trenger man bare å kjøpe kanskje en, også har du den for alltid» M2-J9

Redyrking er enkelt og bidrar til å redusere matsvinn, noko som er gunstig for miljøet, uttrykte fleire MS-born. Når omgrepet var avklart var det veksande entusiasme rundt redyrking,. Redyrking som Matjungelaktivitet var trekt fram som ein kjekk aktivitet. Eit born frå MS-2 uttrykte gleden:

«Jeg har redyrket før og jeg elsket å gjøre det, det smaker helt nydelig. Og det hiver jeg ikke». M2- G11

Som for MS-borna, stussa KS-borna på spørsmålet om kva redyrking betydde. Det var stor usikkerheit rundt omgrepet, og ingen KS born visste kva det var.

Når redyrking var skildra kom det fram at eit par KS-born likevel hadde redyrka ved hjelp av foreldra. Under intervjuet var å spare pengar eit viktig argument også ved KS. Generelt var gratis mat populært tema og ein stor gjengangar. Eit born frå KS-2 fortel:

«....Det er bra for da trenger vi ikke kjøpe så mye av forskjellig mat, man bruker mindre penger, for man kjøper ikke like mye, da får vi bare maten gratis». K2-J11.

Felles for alle SFO-borna var miljørelatere haldningar der matsvinn var eit stort tema også når det gjaldt redyrking. Dei fleste knytta redyrking til reduksjon av matsvinn, og påpeika kor stor betydning det hadde for miljøet og samfunnet.

«det er bra, for da trenger man ikke å gjøre så masse arbeid, man trenger ikke kjøpe så masse på butikken, for da kan man bare spise og spise, og man kaster ikke maten før den er brukt opp mange ganger». K1A-G6



Figur 8. Bilder av redyrking Matjungel SFO 1 og 2 . Foto: Sandra Olin Grytten Kjøsnes.

Oppsummert var både MS og KS opplyst kring dei berekraftige tiltaka ved redyrking til tross for at berre 1/3 av borna ved KS hadde redyrka sjølv.

4.7 Kjennskap til Ø-merket, det offisielle norske økologi merket.

4.7.1 Kva betyr merket?

Det offisielle norske økologimerket var vist fram på ark, der elevane kunne fortelje det dei kunne om merket.



Figur 9: Det offisielle norske økologimerket.

Alle borna, både ved MS og KS, var usikker kring temaet økologisk mat. Det var vanskeleg å få i gang ein samtale der borna diskuterte seg imellom. Kun to MS-born, av alle 29 borna, kjende til innhaldet. Likevel klarte ikkje desse to borna fortelje kva merket betydde eller utdjupe, utover det som er uttalt under:

«*Merket betyr miljø, det er for miljøet, de skal advare oss om det er bra*» (M1-G1).

«*Det står økologisk der, det betyr vi tenker på miljøet når vi tar kjøper frukten med merket*» (M2-G11).

Til tross for dette hadde nesten alle MS-borna sett merket før, med unntak av fire stykker frå MS-1. Når symbolet var forklart kva heite, uttrykte fleire MS born, dei kunne litt om økologisk likeve, og mente tydeleg økologisk mat smakte betre og inneheldt ikkje tilsetningsstoff. Borna som uttalte dette hadde foreldre som ofte kjøpte økologisk mat. Nokre få born både ved MS og KS hadde hørt av foreldra at økologisk mat var dyrt, og at ein kan heller kunne kjøpe billigare produkt.

4.8 Påverknad og langsiktig effekt av Matjungelen

Avslutningsvis i intervjuet var borna spurt om dei hadde noko å tilføye. Bornegruppa ved MS-3 beskrev ulike haldningsendringar dei hadde opplevd etter SFO innførde Matjungelen.

«Helt siden Matjungelen så har eg bare tenkt på det å kaste, så har eg begynt å plukke boss ute.» M3-J14

Bossplukking var noko alle var enige om på MS-3. Dette var ein aktivitet som skapte positivt engasjement for miljøet. Borna hadde tenkt særleg mykje på dette og hadde byrja å plukke boss frivilleg på skulen, og ynskte rein natur og uteområder.

«eg plukker boss på skolen, men eg får ingenting for det, eg fåkje verken stjerne, fåkje skryt og eg fåkje kjeft. M3- J14

Resirkulering var tydeleg noko MS borna hadde stort fokus på og var opptekne av. Alle MS borna sa seg einige i dette. Tankegangen som låg til grunn var å ‘bry seg’ om sortering av avfall. Dei begrunna det med at alt som kan brukast igjen, bør brukast så mange gonger som mogleg. Det var viktig for miljøet både no og i framtida.

Det siste berekraftige tiltaket der borna hadde endra eigen oppførsel både heime og på skulen var eting av restemat. Borna frå MS uttrykte ei positivt utvikling, som omhandla å ikkje kaste etelege grønsaker, frukt og pålegg som borna før hadde kasta. Borna var godt motivert å ete opp nista og slutte å kaste halvetne epler. Borna snakka ivrig om det nesten gjekk sport i å redde mat frå middagsbordet:

«Det er om å gjøre å ikkje kaste noen ting mat fra kjøleskapet» M3-J15

«..., istedet for å kaste middagen, spiser vi matrestene hjemme mye mer, vi spiser det nemmlig bare neste dag.» M3-G13

Korleis Matjungelen direkte har påverka born si merksemd var ikkje spurd om i intervjuet. Samtidig fortalte alle Matjungel borna positivt og engasjerande om sjølve Matjungelen, og ulike aktivitetar er nemnd med glede og entusiasme.

5.0 Drøfting

Denne masteroppgåva hadde som mål å studere borna sine tankar og erfaringar kring berekraftig mat. Som nemnd i introduksjon omfattar berekraftig mat alle sider ved maten. Denne studien fokuserer hovudsakleg på produksjon, kortreist mat, økologisk mat og matsvinn. Drøftinga legg vekt på born som formidlarar av berekraft. Til dømes kva borna legg vekt på, kva borna fortel om sin kunnskap kring berekraftig mat, og deira evne til å vidareformidling. Det vert også lagt opp til samanlikning mellom SFO som har Matjungelen (MS) og ikkje (KS), om det er skilnad mellom SFOane.

5.1 Born om berekraftig utvikling

5.1.1 Omgrepsforståing kring berekraftig utvikling og mat

Ifolge resultata var omgrepsforståinga av berekraftig utviklinga relativ lav generelt hos borna. Kun tre born fortalte om omgrepet, der grunnprinsippet dei formidla var å handle miljøvennleg. Tankegangen til desse borna var retta mot at miljøet skulle verte minst mogleg belasta.

Det vil seie, nokre av borna kunne gi ei avgrensa tolking av berekraftig utviklinga. Til trass for at sjølve omgrepet var vanskeleg å få tak på, viste det seg at fleire av borna hadde god praktisk forståing av innhaldet. Borna kunne mellom anna fortelje at kasting av mat var lite miljøvennleg, og at kortreist mat var det mest miljøvennlege tiltaket. Noko anna borna fokuserte på, var å plukke boss i naturen og sortering av emballasje. Undersøkinga som er gjennomført, syner altså at borna i ulik grad klarte å fortelje om ulike deler ved berekraftig utvikling. Dette er nærmare diskutert lenger ned i drøftinga.

Konklusjonen er at borna frå MS ikkje har betre innsikt i omgrepsforståing kring berekraftig utvikling, enn KS borna.

Forsking viser at arbeid med fagspråk er nært knytta til og fremjar læring. Men denne studien tyder på at Matjungeltilsette ikkje arbeidar effektiv med omgrepene, sidan veldig få MS born kunne uttale seg om dette. Mange born hadde aldri høyrt omgrepene berekraftig utvikling før. Kasin & Haugen (2019a), presiserer at det er viktig å fortelje om berekraftig utvikling i borna si erfaringsverd, men å fortelje om berekraft på ein abstrakt måte som gjer det vanskeleg å forstå, er uheldig. Å bruke born si nysgjerrigkeit og leik, og evne til å ta hensyn til andre, er utgangspunkt for å lære å ta vare på jordakloda (Kasin & Haugen, 2019a, s.138). Likevel er å bruke namn og omgrep som berekraftig utvikling viktig i ulike samanhengar, for å utvide og oppnå god omgrevsforståing hos små born. Til dømes kan ein fortelje om berekraft når borna oppdagar plast i naturen. Gjentaking av ord essensielt, og for at borna skal forstå ulike omgrep bør ein fortelje om ordet i mange samanhenger og dra inn kjensler og tankar.(Utdanningsdirektoratet, 2017).

Ein kan lure på om born i det heile tatt kan forstå, og er modne nok, til komplekse problemstillingar som berekraftig utvikling. Nokre forskarar har vist at så små born som barnehageborn er kompetente og har kognitivt ressursar til å engasjere seg i temaet (Samuelsson, 2011). Ifølgje Samuelsen, er det ikkje viktig at borna forstår problemet på same måte som ein forskar, men får lov til å vere kreativ, løyse problem, og få støtte til å rette merksemrd mot spørsmål om berekraftig utvikling, med utgangspunkt i sine eigne erfaringar (Samuelsson, 2011). I denne studien både forstod og viste borna engasjement for dette tema, sjølv om ikkje omgrepene var kjent.

5.1.2 Kortreist og langreist

På spørsmålet om kva kortreist og langreist mat kunne bety, kunne til saman berre eit par MS born fortelje om omgrepene. Samtidig kom det fram i resultata at mange born likevel hadde kunnskap om emnet, når intervjuar definerte omgrepene. Det tyder som nemnd over, at borna ikkje klarar å knytte kunnskapen til omgrepene.

Fleire MS born enn KS born fortalde at det var uheldig å kjøpe langreist mat på grunn av at vi tek maten frå andre land, og at Norge då tek maten til dei fattige. Innan feltet berekraftig matforbruk ligg det eit etisk dilemma mellom å sikre produksjon av nok mat til heile verdas befolkning gjennom optimalt effektivisert og industrialisert matproduksjon, og å sikre lokalt produsert, kortreist mat (Iversen, 2015a s.237)

Langreist mat var uheldig for klima, fortalde alle born. Grunna flytransport og bilkøyring. Nokre born frå MS fortalde at med tanke på klimaet var det best å kjøpe kortreist mat. Slike utspel samsvarar med Ursin (2015), som er opptatt av viktigheita med å minimere klimaomkostningane i forbinding med transport av mat. Maten på norske middagsbord kan innehalde ingrediensar som til saman har reist 40 000 kilometer – ein heil runde kring jordkloda (FIVH, 2005)). Forum for utvikling og miljø har sett på klimarekneskap til ulike landbruksprodukt, og konkluderar med:

«Generelt kan kortreist mat sies å være mer bærekraftige, men i en del tilfeller utgjør langreist mat mindre miljøbelastning. Dette gleder vanligvis for mat som kan produserert med mindre bruk av energi i andre land enn det kan lokalt» (Brænd, 2006, s.2).

McWilliams er einig, og meiner lokalprodusert mat ikkje er svaret på klimautfordringane (McWilliams, 2009). Det er *korleis* maten er produsert som er viktig samanlikna med *kvar* maten er produsert. Dette fordi transport står for berre ein liten del av det økologiske fotavtrykket.

Iversen fortel at produkt som er kortreist, er eit valgkriterie som kan ha ekstra meirverdi, og kan rettferdiggjere høgre betalingsvilligkeit (Iversen, 2015c, s.237). Spesielt varer som reint geografisk er nært der vara vert konsumert. Fleire born på tvers av bornegruppene nemnde at kortreist mat er dyrare, men sidan det er betre kvalitet og betre for miljøet hadde dei kjøpt/valgt kortreist mat. Alle born frå MS, og nokre frå KS, fortalte at smaken på kortreist mat kunne vere betre enn langreist. Som Dagevos fortel er også smakskvalitetar ein faktor mange er opptatt av, i tillegg til pris (Dagevos, 2005). Fleire born fortalte kor mykje betre smaken på norske jordbær var i forhold til utanlandske, som viser at dei har eit forhold til kvar maten kjem frå. Dette er ikkje nødvendigvis lett sidan du i Norge får fersk frukt og grønsaker året kring. På seiensommaren og høsten vart daglegvarer fylt om med norske jordbær, epler, og salat. (Ursin, 2015s, s.28). Aspekt som tillit, tryggheit og tradisjon gir grunn til å ete kortreist mat, der det er gunstig at maten ein et er i nær tid og rom. Lokal mat, og sesongavhengig mat er gunstig, grunna lett tilgjengelighet (Ursin, 2015, s.30). Samtidig hevdar Myskja (2005) at norsk mat er ein kulturell unik tradisjon. Det er vår mat og dermed ein del av den norske sjølvforståelsen. Det er diskutert om reiseavstanden er ein avgjerande faktor i berekraftig landbruk. Likevel fortel Myskja norsk mat er verdifull, fordi den er kortreist (Myskja, 2005, s.56). Ei vinkling er at vi vart kjend med bonden og matproduksjonen. Dette bygg på fortrulegheitstillit, å bli kjent med forholda på korleis maten vart til, og ein får erfaringar. Halkier & Holm, 2004 viser til danske forbrukarar som utrykk størst tillit til eigenprodusert mat, eller som vene og familie har produsert. (Halkier & Holm, 2004). Mattillit er sentralt i det moderne samfunnet. Befolkinga i dag veit mindre om opphavet til maten, kor den kjem frå, kven som produserar, kva maten inneheld, enn generasjonane før oss (Myskja, 2015). Dette samsvarar med resultata, sidan borna på tvers av gruppene fortalte dei var usikker korleis dei fann ut kva som var norskprodusert.

Born med MS viste fleire erfaringar med bruk av naturen og nærmiljø. Nokre born frå MS fortalte om at nærmiljøet hadde gode matressursar, som havet. Ein MS hadde sjø rett ved seg, og fortalte korleis dei hadde fiska og sløyd fisken etterpå. Dette samsvarar med prinsippet for opplæring, der nærmiljø er trekt fram (Kunnskapsdepartementet, 2006). Resultata tyder på at Matjungelen klarer å bidra til å bryte ned berekraft til aktivitetar som born lærer av. Dei nemnde mange forslag til korleis nytte nærområdet, i forhold til KS. Dei nemnde også gjennom Matjungelaktivitetar korleis ein kunne produsere eigne matvekstar.

5.1.3 Dyrevelferd, kjøt og naturen

Gode matvanar går hand i hand med helse, og sunne matvanar reduserer nokre risikoar, som veksthemming og overvekt (Florence, Asbridge og Veugelers, 2008). Det var delte meiningar kring kjøtt på MS, men likevel hadde fleire MS-born motivasjon til å ete mindre kjøtt og endre kostvanene sine. Dette fordi det var med på å redusere miljøforureining. Nokre snakka om kjøtfri mandag eller fleire kjøtfrie dagar i veka, mens andre var opptatt av å vere vegetarianar for ein gitt periode. Det er vanskeleg å seie om det er Matjungelen som har gjort at desse borna tenker meir på vegetarmat, men det var fleire MS enn KS born som uttalte seg om det positive kring å ete mindre kjøt. I våre dagar knytast det stadig fleire negative førestillingar til kjøt, og stadig fleire i vår vestlege verden vert vegetarianarar. (Holm, 2011). Bornas grunngjeving for å ikkje ete kjøtt, var mellom anna uvissheita om dyra sin levestandard. Alle borna ønskja helst å ete dyr som hadde levd eit godt liv. Viltkjøt var derfor rekna for positivt blant fleire av MS borna. Fleire forskrarar har avdekke dyrevelferd som ein motivasjon for val av mat på butikken (Zander et al., 2013) og på haldningar (Honkanen et al., 2006)), noko som samsvarar med resultata i denne studien. Ei vinkling frå nokre born på MS illustrerte ein tankegang om at kjøtt var lite berekraftig, og desse borna hadde kunnskap om klimagass-utslepp frå kjøtproduksjon. Til trass for dette meinte fleire born på tvers av bornegruppene, at ein ikkje kunne ete middag utan kjøt. Slike haldningar kan forklara med at kjøtt har vore høgt verdsatt i vår kultur i lang tid og har hatt høg status (Holm, 2011).

Når ein var inne på temaet dyrvelferd, så kom borna også kjapt innpå naturen som tema. *Respekt for naturen* var eit grunnleggande verdisyn alle borna var interessert i. Kva det betydde å ta vare på naturen og ha respekt for naturen, kunne vere å ikkje kaste avfall og rydde opp etter seg, og la naturen vere mest mogleg uberørt. Alle borna viste tydeleg empati, i måten dei fortalte og korleis dei fortalte.

Dei var redd for at naturen skulle verte øydelagt av menneskjer, som førte til at dyr døde. Fleire av MS-borna fortalte om ulike økosystem i naturen og korleis det påverka alt levande. Mange born viste tilsynelatande naturglede. Dette samsvarar med Bae (2018), som fortel at naturglede kan gi auka ønske om å ta vare på naturen, der empati heng saman med naturglede. Louv (2005) hevdar born i vestlege samfunn i dag er mykje mindre i naturen enn tidlegare generasjonar. Dette er ei utfordring sidan borna ikkje utviklar eit nært forhold til naturen (Louv, 2005 s.175). Dickinson (2013 s.176) fortel kor viktig det er med eit godt forhold til naturen fordi det kan påverke motivasjonen ein har til å ta vare på den. Denne studien fortel ikkje kor mykje borna er i naturen, men resultata syner at borna var opptatt av naturen og å ta vare på den. Resultata tyder også på at å skape innsikt i korleis menneskjer er ein del av naturen og er avhengig av den kan vere viktig for forståinga av berekraft.

5.1.4 Viktigheita av å kjøpe økologisk mat

Eit gjennomgåande trekk hos informantane var usikkerheit kring tema økologisk mat. Alt i alt låg kunnskapsnivået hos MS og KS born på same nivå. Ein skilnad var at nesten alle borna ved MS hadde sett merket for økologisk mat før. Alle born som kunne uttale seg, mente økologisk mat gav gevinst hos miljøet. Men desse borna gav og uttrykk for at foreldra var opptatt av økologisk mat. Dette syner at heimen er ein viktig ressurs når det gjeld førebilete. Ifølge borna var smaken ein essensiell grunn for kjøp av økologisk mat. Dette samsvarar med at smak framleis er tradisjonelle og viktige kjøpskriterier (De Pelsmacker et al., 2005). Ifølge Mæhle må forbrukaren ofte ta ulike omsyn når ein kjøper mat. Dømer på dette er smak, pris, kvalitet og miljøvennlegheit (Mæhle, 2015).

Studien til Carrigan & Atalla (2001), syner det er ein generell trend at mange forbrukarar rettar seg meir mot miljøvennlige og sunne produkt, som ein konsekvens av at dei er vore meir klar over korleis deira innkjøp verkar inn på miljø og helse. (2001). Endringa mot kjøp av meir økologiske varer skjer også i land omkring oss, som Danmark og Tyskland. Ifølge O'doherty Jensen og Lund er dette ein trend som byrja berre nokre tiår tilbake (O'doherty Jensen & Lund, 2017). Nokre born i denne studien fortalte det var mykje dyrare å kjøpe økologisk, og ein sparar pengar ved å kjøpe andre produkt. Mæhle si forklaring på denne åferda, er at den oppfatta som like moralsk riktig å ta vare på familiens økonomi som å ta vare på miljøet (Mæhle, 2015).

Økologisk mat inneber produksjonsmetodar etter økologiske prinsipp (Landbruksdepartementet, 2018). Nokre barn i studien min hevda at økologisk mat var mykje sunnare enn anna mat. Dette er i følgje Holmboe-Ottesen mykje omdiskutert, og det er ikkje funnen ein direkte link som fortel økologisk mat er sunnare enn konvensjonell mat (Holmboe-Ottesen, 2004).

Det vart nemnd av fleire born på MS at det var best å kjøpe økologisk frukt, for då unngjekk ein å få i seg uheldige ingredisensar. Dette samsvarar O'Doherty Jensen (2017), som fant auka merksemd på økologisk mat, sidan informantar i den studien ønskja å unngå produkt som inneheldt pesticider, som er gift som skal drepe skadelege organismar, tilsetningsstoff og medisinrestar. (O'Doherty Jensen, 2017).

5.1.5 Dyrke eigne matvekstar

Alle borna ved MS og nokre ved KS hadde dyrka etelege vekstar. Mange born frå MS tydeleggjorde kor bra det var for miljøet å dyrke eigen mat. Eit MS-2 born var særleg opptatt av eigendyrka mat, og meinte det kunne omtalast som i kategorien kortreist mat. Dette tyder på bevisstheit kring produksjon og kor langt maten har reist. Borna var engasjerte når dyrking på SFO i samanheng med Matjungelen vart nemnd, mens berre nokre born på KS prata om dyrking i private hagar og vinduskarmar. Maten vart nært knytt til historier, der borna uttrykte gleda over å ete eigenprodusert mat. Det var bevisstheit kring korleis mat vart til i samspel med jorda sin syklus, noko som bidreg til å gi borna eit heilheitleg bilet av kva mat er og til å sjå heile prosessen frå frø til ferdig grønsak.

Resultatet syner likevel at borna hadde liten forståing for kva jordbruk inneber. Mange foreslo at alt kunne dyrkast i Nore, og ein trenge ikkje kjøpe mat frå utlandet. Matsikkerheit vart nemnd av nokre MS born, dei var klar over viktigheita av å vere sjølvforsynt om det skulle hende noko alvorleg. Staten er forplikta til å ivareta eigen matsikkerheit, sjølv om vi har midlar til å handle den maten vi treng i andre land (Gaasland 2008).

Alle ved MS, mens berre nokre få born ved KS hadde redyrka. Alle desse borna nemde økonomi som ein viktig grunn for å redyrke meir. Borna påpeika det finst berekraftige sider ved å vere sparsam. Til dømes å bruke heile råvara, igjen og igjen. Haldningane informantane hadde fungerar som motvekt mot vårt bruk-og-kast-samfunn. I MJ bornegruppene vart ein oppfatta som ‘miljøhelt’ ved å drive redyrking, til trass for at eit lågt og sparsamt forbruk har lågare status blant mange i samfunnet (Kopina, 2013). I Noreg har forbrukarar lav bevisstheit kring eige forbruk og eigen rolle i å løyse globale miljøproblem (Kjærnes & Vittersøe, 2013). Dette tyder på at store miljøspørsmål kan gjerast tilgjengeleg for små born, ved å fokusere på born sin kvardag og verkelegheit, til dømes ved dyrking og redyrking aktivitet gjennom Matjungelen.

5.1.6 Tankar borna har kring kasting av mat

I Norge vert det kasta store mengder eteleg mat (Stensgård m. fleir., 2018). Dette har negative konsekvensar for berekraftig utvikling. Funna i denne masterstudien, når det gjeld kasting av mat, syner at mange born gode haldningar. Borna hadde mange grunnar for at ein burde ete maten i staden for å kaste den. Samlege fortalte at dei hadde ete den brune bananen som vart vist fram i intervjuet, og gav fleire indikasjonar på kvifor og korleis. Ein årsak var å vere sparsam, ein sparar pengar ved å ete opp maten. Alle borna var oppfinnsame når det gjaldt matlaging med banan, og uttrykte stor misnøye om ein banan hadde gått i bosset. Til trass for dette meinte KS born at det var greitt å kaste mat eller middagsrestane når maten var gratis, i motsetning til MS borna. Fleire av MS borna peika på at restemat var godt, sidan då fekk borna ete god mat til kvelds eller lunsj neste dag.

Men alle var enig i at det var betre å gi det til kjæledyret enn å kaste. Å unngå matsvinn, hadde spesielt mange born på MS, ulike forslag. Å ikkje kjøpe for mykje, ete opp det ein har kjøpt, og lage mat av restane var nokre av forslaga. Borna fortalte menneskjer har eit ansvar for det norske matsvinnet.

Resultata indikerer ulikt syn på datovarer. Nokre MS born fortalte at sansane var viktig å bruke når det gjaldt varer som var utgått på dato. Dette er i tråd med at Mattilsynet oppfordrar til å bedømme om maten er kvalitetsmessig god eller ikkje gjennom å bruke dei ulike sansane våre (Matvett, 2016). Alt i alt var det stor variasjon på tvers av barnegruppene, når det gjaldt haldninga kring varer som er utgått på dato. Ca 1/3 av MS born mente utgått på datovarer var eteleg, mens nesten alle på KS mente slik mat måtte kastast.

Det vart vist fram bileter av skeive og krokete grønsaker for å illustrere kor mykje mat som vert kasta før det når forbrukarane. Resultatet indikerer at alle av borna mislikar at den krokete maten vart kasta, sidan det handla om kvalitetskrav som ikkje har betydning for matsikkerheit. Fleire av MS-borna lurte på kven som hadde laga reglane for korleis grønsakene skulle sjå ut. Etter litt diskusjon i barnegruppene klarte ikkje borna å finne nokon god grunn. Borna undrar seg kvifor matbransjen antok at forbrukarar ikkje vil ha produkta. Felles for nokre av MS og eit fåtall av KS, var bevissheita om at fattige born heller kunne fått all maten, i staden for å kaste den. Fordeling av ressursar har vore eit tema for Berekraftig mat sidan 1987, då Bringeland satte fattigdom og miljøproblem i samanheng (Bringeland, 1987). Etikk i forhold til mat, og forbruk som uttrykk for politiske haldningar, er ein aukande trend (Milford, 2011).

Alle borna i denne studien meinte dei ikkje kastar noko særleg mat, men det må presiserast at denne studien ikkje gir noko svar på bornas faktiske handlingar. Studien til Hebrok & Heidenstrøm (2017) syner at det informantane oppgjer som viktige miljømessige problemstillingar, ofte skil seg frå deira faktiske åtferd. Det kan omtalaast som eit gap mellom haldningar og faktisk åtferd. Det kan tyde på at sjølv om menneske er bevisste på at kasting av mat er negativt for miljøet, er det likevel mange som kaster maten.

Overordna syner resultata på at KS-borna hadde mindre forståing kring kva matsvinn inneber for miljøet, sidan mange mente det var greitt å kaste restar, utgått på dato varer og mat som var gratis. MS-borna hadde ei meir miløvenleg haldning til matsvinn, som kan tenkjast har samanheng med eit fokus på miljø og matsvinn gjennom Matjungelaktivitetar.

5.1.7 Avfall og gjenvinning

Sortering er eit viktig stikkord knytt til berekraftig mat. Når det gjeld oversikt og kunnskap kring avfallsymbola, var skilnaden mellom SFOane forholdsvis stor. Det vart delt ut eit ark med avfallsymbol, der borna skulle fortelje kva avfallsymbolet betydde. Mange av borna på MS var flinke på å fortelje kva avfallsymbola betydde. Tabell 2, syner at 91 prosent av MS-borna svarte riktig på avfallsymbola, mens berre 56% av KS svarte riktig. Det at borna ved KS hadde mindre kunnskap om avfallsymbol, kan truleg henge saman med at nesten alle MS borna hadde sett avfallsymbola før, i ein Matjungelaktivitet. Fleire av MS borna verka begeistring for sorteringsstafetten dei hadde gjennomført gjennom Matjungelen . Fokus på avfallsymbol gjennom matjungelaktivitet, kan derfor ha ein samanheng på kvifor MS hadde litt betre kunnskap angåande symbola. Dette er i tråd med teoriar som fortel at det er viktig å konkretisere kva som er berekraftig (Panchal & Moschandreas, 2015).

Når det kjem til kunnskapar og ferdigheter kring riktig sortering av emballasje var kunnskap likare. Gjenvinning var eit viktig omgrep som mange born var oppteken av. Alle av borna ved MS kunne fortelje kva gjenvinning betydde, mens KS-borna var meir usikker på ordet. Mange av borna på MS og KS var gode på å sortere riktig plast. Plast i naturen og havet er eit stort tema i dagens samfunn, som kan vere ei forklaring på at borna hadde særleg fokus på dette. Mange born nemnde kvalen på Sotra som var full av plast, som tyder på bevisshet kring forsøpling og sortering av emballasje. Dei fleste borna fortalte dei sorterte plast både på skulen, SFO og heime. Tall over den norske befolkninga, syner at husholdningene står for om lag ein tredjedel av all plasteavfallet (Amundsen, 2018).

Fleire av borna nemnde at naturen ikkje burde forsøplast. Mange born i denne studien, krisemaksimerte og fortalte korleis ein kan dø av å ikkje ta vare på jordkloda vår. Tilsynelatande verkar det som at borna på MS var meir redd for kva som kunne skje med miljøet enn KS-borna. Dette kan kanskje ha samanheng med at MS-born var meir opplyst kring dette temaet. Kasin (2010) poengterer at born kan få meir ansvar kring temaet, gjennom gradvis å få innflytelse og begynnande ansvar gjennom ein pedagogisk kontekst. Samtidig må ein huske på at born ikkje har det same ansvaret som vaksne, men det hindrar ikkje borna i å kunne ta ansvar (Kasin, 2010a, s.150). Dette er viktig for ein berekraftig framtid, men det er kjent at, born kan verte redde når dei lærer om miljø og fare for miljøet. Ein bør vere varsam når ein gir kunnskap om dette området, og heller gi håp for framtida, enn redsel og bekymring (FN-sambandet, 2019).

5.2 Danning av born sine vaner og haldningar omkring berekraft

5.2. 1 Born bør lære om berekraftig utvikling

Alle land i FN er einige om ein felles plan for berekraftig utvikling gjennom dei 17 berekraftsmåla. For at den skal virke trengs det samarbeid og at alle menneskjer tar del i dette (FN-2017). FN har fleire program for miljø og utvikling, som presiserer at utdanning har ei sentral rolle for å lære born om å handle berekraftig. Gjennom utdanning kan ein utvikle kunnskap, forståing, ulike verdiar og haldningar som bidreg til berekraftig utvikling i samfunnet (Kasin & Langholm, 209, s. 155).

Det kan vere vanskeleg å illustrere for born at alle menneskjer på jorda forbrukar meir ressursar enn kloden klarer å fornye. FN har utført ei undersøking om ungdom si forståing av berekraftig forbruk (Toepfer & Matsuura, 2001), som til dømes viste at det var behov for meir konkret informasjon om emnet. Ein bør bryte det ned til nære og konkrete dømer sidan det er store utfordringar å gjere berekraftig utvikling til verkelegheit for alle menneskjer. Resultata mine syner at det var bra Matjungelen brøyt berekraftig utvikling ned til konkrete dømer. Til dømes kunne mange fleire MS borna fortelje at krokete mat var bra å ete, for miljøet, mens mange KS borna var uenig og klarte ikkje resonnere seg fram til det same.. Til tross for dette endra neste alle born meining til, når det vart fortald krokete mat var kasta berre på grunn av formen. Eit lite døme med bileter, hjalp borna til å forstå betre. Til dømes hadde MS meir konkrete dømer på korleis redusere matsvinn, å ikkje kjøpe for mykje, ete opp det ein har kjøpt, og lage mat av restane var nokre av forslaga. Desse borna fortalte menneskjer har eit ansvar for det norske matsvinnet.

«Tenke globalt, handle lokalt», var ei slagord som vart lansert i etterkant av Rio-konferansen i 1992 som betyr det ikkje finst ei global problemstilling utan tilknyting til lokale handlingar. I følgje Kasin og Haugen (2019, s.39), er merksemd på lokale handlingar relevant, og kan finnast ned til kvardagshandling. Til dømes det vi et og kor ein bur. Dei lokale handlingane kan vere individuelle og private. Og dei globale problem som er store problem som fattigdom, klimaendring og reduksjon av biologisk mangfald, har store konsekvensar for generasjonane framfor oss. Det kan vere alt frå plast i havet til overforbruk av ressursar. Kasin og Haugen fortel det er viktig at slike problemstillingar framgår i ulike pedagogiske institusjonar. Målet er å få borna til å forstå og erkjenne samenhengen mellom lokale handlingar og langsigte global konsekvensar av handlingane (Kasin & Haugen, 2019, s. 40). Undervisning er eit godt hjelpemiddel for at borna skal knytte berekraftig utvikling til handlingar som kan gjere verden til ein god plass å leve. Berekraft er både eit omfattande og grunnleggande tema som bør vere innvevd i alle pedagogiske verksemder. Eit viktig prinsipp kan vere å fortelje om berekraft i alle relevante situasjonar. Om Matjungelen er eit tiltak på alle SFOar kunne, vert berekraft generelt vore eit større tema på alle SFOane i heile Noreg. Dette er i tråd med strategien for korleis Norge skal arbeide med utdanning for berekraftig utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2012e). Slik alle bonr lærar berekraft handlar om å utvikle menneskjer til å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen (Utdanningsdirektoratet, 2017Ø).

5.2 2. Om borna sine vaner og korleis dei vert påverka

Ulike studiar viser at kostvanane som borna etablerer frå dei er små, sannsynlegvis vert opprettholt når dei vert eldre (Resnicow, 1991). Derqui er enig, og hevdar vaner etablert i barndommen vil med eit stort sannsyn vare livet ut (Derqui, Fernandez & Fayos, 2018). Nr 3 av FN sine berekraftsmål er god helse, og om ein fremjar gode kosthaldsvaner i barndommen, gangar det helsa også sidan gode vaner kan reduserer overvekt og risiko for tannproblem (Samdal & Torsheim, 2011). Derfor er det viktig å lære borna om berekraftig mat tidleg. Her er det essensielt å lære born at naturen har ei tålegrense, slik ein utvikle gode haldningar. Så kan borna lettare ta det med seg inn i vaksenlivet, og kan leve berekraftige liv i framtida. Generelt var alle borna opptatt av naturen, og var bekymra spesielt for korleis det skulle gå med alle dyra på jordkloda vår. Spesielt med tanke på menneskapte forureiningar som plast.

5.2.3 Kva og kven påverkar matval og vanar

Det er mange faktorar som påverkar born sine val omkring mat (Iversen, 2015, s.230). Det er blant anna endringar i verdisett og etiske standarar hos forbrukarar som påverkar deira matkonsum (Iversen, 2015). Lem, Bjørndal & Lappo er einige i at finst ein rekke faktorar som påverkar forbrukaren sin avgjerdsle om å opptre ansvarleg i val av mat (Lem, Bjørndal & Lappo, 2014). Her kan sentrale sosiale aktørar som utdanningsinstitusjonar, helsemyndigheter, familie og omgangskrets spele ei sentral rolle. Aktørane påverkar åtferd i matvarevalg (Iversen, 2015, s.231). Til dømes fortalte borna om forskjellig praksis med kjøt, nokre hadde mykje vegetar mat, mens andre born fortalte dei hadde mykje kjøt til middag. Nielsen, fortel familiar i Noreg er det heimen som tradisjonelt har vore den viktigaste kjelda til borns læring om mat, og som i stor grad påverkar born og unge, og pris spelar ofte ei viktig rolle angåande matval, i lågare sosiale lag (Nielsen, 2013). Samtidig kan det vere vanskeleg generelt for befolkninga å avgjere kva kriteriar som bør prioriterast når det gjeld mat og alt som følgjer med matval (De Pelsmacker et al., 2005).

Skulen og SFO er områder, der borna et fleire gonger for dagen. Dermed bidreg desse arenaene ved påverking av borna sitt totale matinntak og haldningar kring mat. Eit mattilbod som er i tråd med myndigheitenes anbefalingar, vil på SFO bidra til at borna sitt kosthald får ein betre ernæringsmessig samansetning, som er gunstig for born si helse. Ulike studiar syner også at borna kan verte påverka av haldningane og åtferda hos dei tilsette. Dei tilsette ved SFO kan dermed ha stor innverknad på borna sitt kosthald, ved til dømes servering av måltid og å snakke positivt om mat kring bordet (Utdanningsdirektoratet, 2015p) Ifølgje ei dansk spørjeundersøking av Grønfeldt, Nyboe & Mikkelsen (2007) uttrykker personalet eit stort medansvar for borna sine kosthaldsvaner (Grønfeldt, Nyboe & Mikkelse, 2007). Også i følgje utdanningsdirektoratet er gode rollemodellar viktig. SFO tilsette bør fremje gode og sunne matvanar. Eit overordna mål på SFO, er å bidra til gode matvanar (Utdanningsdirektoratet, 2015).

I studien til Sandebella. et al, vart det gjennomført ein CafeWorkshop med foreldre. Her vart det konkludert med at skulen er offisielt ansvarleg for utdanninga til borna, der foreldra må stole på dei tilsette. Her vart ikkje SFO nemnd. Likevel konkluderar dei med at ansvaret i matopplæring tilhører alle. Gode rollemodellar er viktige, og alle kan fungere som eit forbilde for born (Sandell m.fleir, 2016). Til dømes fortalte nokre born at ein trengte kjøt for å ete middag, men andre born føretrakk å ete vegetarisk. Dette kan tenkast at foreldra har same oppfatning som bornet, og tileignar bornet den kunnskapen. Ifølgje den kvalitative studien til Fossgard, Holthe, og Wergedahl på SFO, er SFO eit matlandskap som bidreg med innhald, normer og verdiar når det gjeld borna sitt syn på mat. Det har mykje å seie for borna sin etablering og utforming av kunnskap, rutinar, verdiar og meningar om mat (Helsedirektoratet, 2013A).

SFO er også med på denne gjennomføringa, ved til dømes tilrettelegging av mat og måltid, sidan born no et fleire måltid utanfor heimen enn før. Born kjem derfor i kontakt med ulike matlandskap på skulen og på SFO. Matlandskap er eit omgrep som betyr stader og samanheng der born kjem i kontakt med mat (Holthe, Fossgard & Wergedahl, 2015, s.254). Korleis matlandskapet er på dei ulike skulane og SFOane, legg føringar på korleis borna brukar og forheld seg til mat (Osowski, Goranzon & Fjellstrøm, 2012). Derfor er skulane og SFOan betydningsfulle, for borna sin kunnskap kring matlandskap. Samtidig finst det utfordringar, som gjer at desse institusjonane burde vidareutviklast slik at mat vert eit større tema. På den måten kan helsemessige og miljømessige tema prege matlandskapet borna møter på (Holthe, Fossgard & Wergedahl, 2015,. s.267). Eit godt døme på eit slikt tiltak, er Matjungelen.

5.2.5 Matjungelen sin moglegheit til å påverke vanar og haldningar

Matjungelen er eit tiltak som har som mål å bidra til å utdanne born om berekraftig mat. Dette kan auke sannsynet for ein bra start på gode og varige matvanar. Når SFO innfører tiltaket Matjungelen i kvardagen, har ein generelt større fokus på berekraft og gir auka kunnskap hos både tilsette, på grunn av E-læringsmodulane hos dei tilsette, og born, og på grunn av alle aktivitetane. Det kan vere eit viktig moment for dei tilsette i Matjungel SFO å aktivt flette inn omgrepet berekraftig utvikling i samanheng med ulike aktivitetar, for at borna skal forstå omgrepet. Matjungelen handlar om haldningar, vanar og rutiner. Korleis vi lev og kva praksis ein knyttar til mat. Å tenke heilheitleg er noko som er forbunde med berekraftig utvikling.

MS-3 fortalte kor kjekt det var å ha Matjungelaktivitet, til dømes når det handlar om matlagning. Dette samsvarar med studien til Sandell m.fleir, som diskuterer områder kring mat og born si oppleving av mat, og etevanar. Sandell stadfestar ein god måte å undersøker og oppfatte mat på, er gjennom mataktivitetar (Sandell m.fleir, 2016). Og Matjungelen har mange aktivitetar knytt til matlagning, der borna kan bruke sansane sine. Born si oppfatning av mat er individuelt, og å utføre mataktivitetar i lag med born oppmunstrar, støtter og utvidar ein matpreferansane hos borna. Sandell (2016) hevdar å delta i lage mat er viktig. Då lærer ein om takknemlegheit, maten sitt opphav og korleis lage maten. For å klare å tenkje berekraft, må borna lære at mat kjem frå naturen, som skogen, havet, dyra og plantene (Sandell m.fleir, 2016). Til dømes nemde nokre KS born at ein ikkje treng å dyrke noko sjølv, sidan ein kunne få kjøpt maten i butikken. MS born var veldig opptatt av å bruke sansane når ein ser på mat som er utgått på dato, KS borna nemnde ingenting om dette. Sandell bekreftar all mat vert oppfatta av sansane, lukt, berøring, hørsel, syn og smak (Sandell m.fleir, 2016).

Matjungelen er retta mot ein forholdsvis tidleg alder, sidan det omhandlar born frå første til fjerde trinn på SFO. Matjungelen er eit frivilleg helsefremjande tiltak, der eit av måla er å bidra til at borna vert formidlarar av gode matvanar (Matjungelen, 2019). MS borna uttrykte seg med større entusiasme og glede enn MS når det gjaldt ulike tema i samtalane. MS borna fortalte ivrig om ulike Matjungelaktivitetar som dei ønska å utføre heime.

Eit born på MS-3 fortalte ho lærte om eting av varer utgått på dato gjennom Matjungelaktivitet. Foreldra hadde ikkje same synet, og borne ønskja å medverke til haldningsendring og betre innflytelse på foreldra. Dette tyder på at Matjungelen er ein viktig påverkingskraft som kan vere med på å redusere matsvinnet i dei ulike bordefamiliane. Dette funnet samsvarar med kva Matjungelen ønskjer å vere. Ein arena der borna kan utvikle sitt engasjement for mat og berekraft, som på sikt skal danne grunnlaget for ein generasjon med bevisste og ansvarlege forbrukarar som set helse og miljø høgt (Matjungelen 2019). Spesielt MS-3 fortalte korleis Matjungelen hadde påvirkta dei kring mat etter SFO byrja i Matjungelen. Til dømes fortalte borna at dei kasta mykje mindre mat no enn før. Restemat vart eten opp og sortering av emballasje var noko borna tenkte meir over og hadde begynt å bry seg om. Til dømes snakka alle SFOane varmt om sorteringsstaffetten, som igjen tyder på at MS borna vart påverka av Matjungelaktiviteten.

Det kan truleg tenkast at sidan dei tilsette får opplæring i berekraft, får også desse ei haldningsendring. Forsking viser at kvalitet på læraren er ein avgjerande faktor for opplæringa sin kvalitet (Hattie, 2009), både fagkompetanse og pedagogisk kompetanse. Ein studie syner eit lavg innslag av matfagleg kompetanse i SFO (Fossgard et al, 2013 sjå s. 266 i natur og danning). Matjungelen gir direkte kompetansehevingstiltak, med fokus på miljø og berekraft, via E-læringsmodulane, og hos borna gjennom aktivitet, igangsett av dei tilsette.

5.3 SFO som arena for å fremje berekraftige matvanar

Gjennom det som er presentert over, tyder resultata på at Matjungelen er eit veleigna tiltak som gir positive opplevingar kring berekraftig mat, gjennom læring og leik. Å sjå på SFO som ein danningsarena og ikkje *kun* ein opphaldsstad kan opne opp nye moglegheiter. Ved å legge til rette for ein danningsprosess kring berekraftig utvikling kan born utvikle innsikt og nysgjerrigkeit for dette temaet. SFOane som har meldt seg inn i Matjungelen, bestemmer sjølv om dei vil følgje planen til Matjungelen, eller tilpasser den. SFO har frie tøyler, og det er mykje opp til kommunen å bestemme innhaldet i SFO, som nemnd før. Og til no har det berre vore kommunal rammeplanar, men i 2020, kjem den første nasjonale rammeplanen som skal gi felles og tydlege føringar i Noreg.

5.3.2 Matjungelen til alle?

Data frå grunnskulens informasjonssystem frå 2013, syner 40% av borna deltok på SFO, 1. trinn er høgst deltaking, med heile 80% (Utdanningsdirektoratet, 2013). Tal viser at fleire born går på SFO i dag. Frå skuleåret 2018, går 61 % av borna på SFO. Der 82% av borna går i 1. trinn, og 30 % av borna går i 4. trinn (Utdanningsdirektoratet, 2018w) Det vil seie mange born I Noreg ikkje på SFO i dag. Og at borna som går på SFO har høgre sosial bakgrunn. Kor mykje SFO kostar, varierar frå kommune til kommune.

Folkehelsa i Noreg er generelt god, men samtidig er det skilnadar knytt til sosioøkonomiske yrke, utdanning og inntekt. Desse skilnadane aukar stadig. Rettferdigheit er ein grunnpil i den sosiale berekraftsdelen (Helsedirektoratet, 2018T). I følgje Hofstad og Bergsli (2017) handlar blant anna rettferdig fordeling om like moglegheiter.

Matjungelen er utvikla av Folkelig, Opplysningskontoret for frukt og grønt, Høgskulen på Vestlandet og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet på initiativ frå Helsedirektoratet. Matjungelen er i tråd med kostråd og Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skule og SFO, og er eit frivillig tiltak. Heile poenget med Matjungelen er at borna skal vere pådrivarar for helse og miljø. Eit anna mål er at Matjungelen skal verte eit landsdekkande tilbod.

Generelt er skolemåltid og måltid i SFO begrensa til gjennomføring av måltid. Når Matjungelen inngår i SFO framstår SFOar som bevisste matlandskap, som tydeleg integrerer gode danningsprosessar kring mat i ulike samanhengar. Dette er eit argument for implementering av Matjungelen. Eit viktig sastingsområde er å redusere sosial skilnad i helse, ved at alle born kan få moglegheit til å gå på SFO, der Matjungelen er inkluderast som eit nasjonalt tiltak. Matjungelen samsvarar også med regjeringa sitt ynskje om å få ein meir likeverdig SFO. SFOane får same forslag til aktivitetsopplegg, E-læringmodular for tilsette, oppskrifter, material og sjølvstyrt matkurs for tilsette. Matjungelen er gratis, og alle kan finne tilgjengeleg informasjon på nettsida www.matjungelen.no. Alle kan utføre ulike Matjungelaktivitetar utan å vere meldt inn.

5.5 Diskusjon av metode og kvalitetskontroll

5.5. 1 Reliabilitet og validitet

Resultata var tolka av meg som forskar. I følgje Dalland, er forskaren eit *instrument*, og resultata vil derfor verte prega av forskaren si personlegdom. Det er viktig at forskaren vurderer fordelane og ulempa med metoden som er vert brukt (Dalland, 2018, s.54). Det er viktig å vere objektiv og verdinøytral når ein intervjuar, det vil sei at forskaren er bevisst på sine eigne menneskeleg verdiar. På den måten klarer ein å skilje ut vitskaplege verdiar betre. Spesielt i samband med kvalitativ metode, når forskar er i direkte kontakt med informantane (Dalland, 2018, s.59).

Det vart stilt spørsmål om kvaliteten på forskinga er høg eller lav basert på omgrepa validitet og reliabilitet, som er dei ulike kriteriuma for kvaliteten. For å sikre seg pålitelighet bør forskingsspørsmålet vere relevant og informantane valt på bakgrunn av dette.

Forskingsspørsmåla bør gi relevante svar, og forklare spørsmålet på nytt om intervjuobjektet tolka spørsmålet annleis. Gode tillegg spørsmål er med på å sikre svar ein treng. Til dømes bør også transkriberinga også vere god. Her bør ein passe på å ikkje skrive feil eller unøyaktig av lydopptaket (Dalland, 2018). I denne undersøkinga har semistrukturerte fokusgruppeintervju hatt ei sentral rolle for å svare på forskingsspørsmålet, med innslag av kvantitativ metode. Ein kombinasjon av fleire metoder gir eit breiare datagrunnlag, som kan bidra til å styrke kvaliteten på studien (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 236).

